


REGION
NORDHORDLAND

Interkommunal plan for
sjøareal i Nordhordland

Alver, Austrheim, Fedje, Gulen,

Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal



**Planskildring –
høring og offentlig ettersyn
3. gongs høring 23.06.2023**



Forsidefoto: Eivind Senneset/Region Nordhordland

Innhald

1.	Samandrag	5
2.	Bakgrunn	7
2.1.	Planområde	8
2.2.	Dagens situasjon (Arealplan, KPA)	9
2.3.	Regionale planar og nasjonale føringar	10
2.3.1.	Nordhordland UNESCO Biosfæreområde	10
2.3.2.	Nasjonale føringar	10
2.3.3.	Regionale føringar	12
2.4.	Krav om konsekvensutgreiing og risiko- og sårbaranalyse	13
3.	Føremål med planarbeidet	14
3.1.	Innleiing	14
3.2.	Føremål	14
3.3.	Resultatmål	14
4.	Planprosessen	15
4.1.	Framdrift	15
4.2.	Organisering av planprosessen	16
4.2.1.	Interkommunalt samarbeid og samordning	16
4.2.2.	Interkommunalt planutval (IKPU)	16
4.2.3.	Styringsgruppe og prosjektleiar	17
4.2.4.	Arbeidsgruppe	17
4.2.5.	Koordinator	17
4.2.6.	Regional og statleg referansegruppa – myndighetene	17
4.2.7.	Referansegrupper	18
4.2.8.	Organisasjonskart og framstilling av planen	19
4.3.	Medverknad og dialog i planprosessen	20
5.	Planområdet og arealbruken i dag	22

5.1. Planområdet	22
5.2. Kulturminne og kulturmiljø	22
5.3. Friluftsliv og folkehelse	23
5.4. Naturmangfald	23
5.5. Vill laksefisk, sjøaure og anadrome vassdrag	24
5.6. Fiskeri og gyte- og oppvekstområde	26
5.7. Akvakultur	28
5.8. Forureining og utslepp	35
5.9. Infrastruktur til sjøs	38
6. Føresegn i planforslaget	39
7. Skildring av planforslaget	40
7.1. Hovudformålet - Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone – (V) (SOSI 6001)	40
7.2. Ferdslø (FE) (SOSI 6100)	41
7.3. Farlei (FA) og hamneområde i sjø (SOSI 6200)	41
7.3.1. Hamneområde i sjø (HOS) (SOSI 6220)	41
7.3.2. Småbåthamn (SH) (SOSI 6230)	41
7.3.3. Bøyehamn (BØH) (SOSI 6240)	42
7.4. Fiske, låssetting og gyteområde (FI) (SOSI 6300)	42
7.4.1. Hovud og bilei (LED) (SOSI 6211)	41
7.5. Akvakultur (AKV) (SOSI 6400) og kombinert formål – Akvakultur og ferdslø (AF) (SOSI 6800)	42
7.6. Naturområde (NO) (SOSI 6600)	45
7.7. Friluftsområde (FV) (SOSI 6700)	45
7.8. Busetnad og anlegg (SOSI 1000)	46
7.8.1. Råstoffutvinning - skjelsand (SOSI 1200)	46
7.8.2. Andre typar bygg og anlegg (SOSI 1500)	46
7.9. Område med kombinerte føremål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone (VK) (SOSI 6800) Friluftsområde (FV) (SOSI 6700)	47
7.10. Område knytt til landformål	47
7.11. Omsynssoner	48

8.	Konsekvensutgreiing og verknad av planforslaget	49
	8.1. Konsekvensutgreiing – metode og grunnlag	49
	8.2. Konsekvensutgreiing - arealinnspel – prosess – avbøtande tiltak	50
	8.2.1. Grunnlag for KU og ROS	50
	8.2.2. Nærare vurdering og avbøtande tiltak	51
	8.3. Arealinnspel som er med i planforslaget - 3. gongs høyring	52
	8.3.1. Akvakulturområde	54
	8.3.2. Småbåtanlegg og småbåthamn	58
	8.3.3. Råstoffutvinning - skjelsand	59
	8.3.4. Oversikt over innspel som er med i 3. gongs høyring - kommunevis	60
	8.4. Areal til akvakultur som er tatt ut av gjeldande arealplan	61
	8.5. Andre planinnspel som er tatt inn som ikkje krev KU	62
	8.6. Verknad av plantiltaka og planen sin moglege konsekvensar	66
	8.7. Innspel som ikkje er tatt inn i planforslaget	68
	8.8. Arealrekneskap fordelt på arealformål og kommune	69
9.	Utfordringar som ikkje let seg løyse i planforslaget	71

1. Samandrag

Kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal har i fellesskap utarbeida ein interkommunal plan for sjøareala i kommunane. Interkommunal plan for sjøareal er ein plan på kommuneplannivå, jamfør kap. 9 i plan- og bygningslova (pbl). Det skal fastsettest juridisk bindande arealbruk med føresegner og retningslinjer. Dette er 3. gongs høyring (3GH) av forslaget til plan. 3GH er gjennomført som ein avgrensa høyring då det berre er mindre justeringar samanlikna med 2GH.

Planområdet gjeld berre for sjøområda. Det vil sei frå flomålet i elveosar og ned til og med sjøbotn. Avgrensing ut i sjø er 1 nautisk mil utanfor grunnlinja (sjå Fig.2).

Planen tek utgangspunkt i gjeldande arealplan i dei respektive kommunar. Ein arealplan skal vise hovudtrekka i korleis areala skal brukast og vernast, samt kva omsyn som må takast i vare ved disponering av sjøareala.

Planområdet går frå hav til innerst inne i fjordane. Det er mange interesser som er knytta opp i mot sjøareala som til dømes:

- Friluftsliv og folkehelse
- Naturmangfald
- Kulturminne og kulturmiljø
- Vill laksefisk, sjøaure og anadrome vassdrag
- Fiskeri og gyte- og oppvekstområde
- Akvakultur
- Ferdslø til sjøs – infrastruktur

I ein arealplan må desse vegast opp i mot kvarandre. Det er 65 konkrete arealinnspel som er KU og ROS vurdert. Av desse er det 37 innspel som er tatt med.

Det er gjort endringar (avbøtande tiltak) for ein del av innspela for å redusere konflikten med andre interesser. Føresegnene set miljøkrav til alle tiltak som skal gjennomførast. Det er i forslaget tatt med omsynssone for laksegiljene og eit friluftsområde i Radfjorden ved Vetås. Det er følgjande forslag til endringar i areal

- Akvakultur - 24 – av desse er 2 nytt stort arealinnspel – dei andre utviding/justering/flytting av areal
- Hamneområde/næring – 3
- Småbåtanlegg/hamn – 7

- Skjelsand – 3 – Der er forslag om at 17? lokalitetar til akvakultur som ikkje er i bruk vert tatt ut av planen. Det er også eit resultat av forslag om restrukturering i Austfjorden, Radfjorden og Mangersfjorden.

3GH HØYRING

2. Bakgrunn

Kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal har i fellesskap utarbeida ein interkommunal plan for sjøareala i kommunane.

Det er mange interesser knytt til kystsona og sjøareala. Aukande konkurranse og interessekonflikar gjer det utfordrande å forvalte sjøareala. Kommunen har mynde over arealbruken i sjøområda etter plan- og bygningslova, og ansvar for å skape føreseielege rammer. Til dette trenger kommunen eit godt styringsverktøy.

Interkommunal plan for sjøareal er ein plan på kommuneplannivå, jamfør kap. 9 i plan- og bygningslova (pbl). Det skal fastsettast juridisk bindande arealbruk med føresegner og retningslinjer.

Den interkommunale planen skal presenterast samla, men kvar kommune skal gjennomføre planprosess for sitt sjøareal som om det var sin eigen plan. Dette planarbeidet for sjøareala skal gjerast slik at det vert ein naturleg del av ein samla arealdel av kommuneplanen (KPA) for kvar av kommunane som deltek. Planen vert utarbeidd etter prosessreglane i plan- og bygningslova.

Planprogrammet er grunnlaget for arbeidet og det Interkommunale planutvalet (IKPU) vedtok planprogrammet i møte 21.06.2021.

3 gongs høyring er ein mindre justering av det forslaget som var på andre gongs høyring.

2.1. Planområde



Fig.1 Planområdet

Planområdet omfattar sjøareala i kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal.

Planområdet gjeld berre for sjøområda. Det vil sei frå flomålet i elveosar og ned til og med sjøbotn. Avgrensing ut i sjø er 1 nautisk mil utanfor grunnlinja (sjå Fig.2). Planområdet omfattar ulike sjøområde, frå open eksponert kyst til meir beskytta fjordar, store fjordbasseng og opne sund. Djupne, botntopografi, utskifting av vatn og eksponering varierer i stor grad.



Fig.2 Verkeområde – Tilhøvet mellom pbl. og Hamne- og farvasslova

I sjøen gjeld [plan- og bygningsloven § 1-2](#) ut til ei nautisk mil utanfor grunnlinja, definert av dei yste holmar og skjær.

Det er mange ulike og aktuelle tema i området og der er stor skipstrafikk knytt til mellom anna Fensfjorden. Det gir føringar for korleis arealet kan disponerast, og korleis forvaltnings-ansvaret er fordelt, jamfør figur 2.

Sjøområda si grense mot land er definert ved "generalisert felles kystkontur".

[Grensa går ved middel høgvatn](#)

Stat og kommune har delt mynde etter havne- og farvannslova (hfl). Forskrift om farleder (farledsforskrifta) definerer Kystverket si mynde etter havne- og farvannslova skil mellom kommunalt sjøområde og hovud- og bilei.

2.2. Dagens situasjon (Arealplan, KPA)

Planen tek utgangspunkt i gjeldande arealplan i dei respektive kommunar. Ein arealplan skal vise hovudtrekka i korleis areala skal brukast og vernast, samt kva omsyn som må takast i vare ved disponering av sjøareala.

Arealdelen er eit verktøy for å gjennomføre dei måla som er satt i samfunnsdelen i kommuneplanen, samtidig som arealdelen skal være utforma i eit langsiktig perspektiv.

Tabell 1: Status arealplan (KPA)

Kommune	Status kommuneplanens arealdel	Status sjøareal	
		Gjeldande	Revidert
Alver	Vedtatt 2019 (3 delplanar) <ul style="list-style-type: none">• Påbegynt revisjon av KPA Land 2023	Del av KPA	IKP SJØ
Austrheim	Vedtatt 2019	Del av KPA	IKP SJØ
Fedje	Vedtatt 2013	Del av KPA	IKP SJØ
Gulen	Vedtatt 20xx <ul style="list-style-type: none">• Påbegynt revisjon av KPA Land.	Del av KPA	IKP SJØ
Masfjorden	Vedtatt 2019	Del av KPA	IKP SJØ
Modalen	Vedtatt 2015	Del av KPA	IKP SJØ
Osterøy	Vedtatt 20 <ul style="list-style-type: none">• KPD for sjø og strandsone 2018-2027.• Påbegynt revisjon av KPA Land 2021	Del av KPA	IKP SJØ
Vaksdal	Vedtatt 2019	Del av KPA	IKP SJØ

Tilhøve til vedtekne kommuneplanar (KPA) og kommunedelplanar (KDP) er omtalt i føresegn kap. 1.3.

Tilhøve til vedtekne reguleringsplanar er omtalt i føresegn kap. 1.4 og det er følgjande som gjeld:

- Reguleringsplanar (Område- og detaljplanar) som fullt ut ligg i sjø vert supplert av IKP sjø og er vist i plankartet
- Reguleringsplanar som gjeld både for land- og sjøareal vert det ikkje tatt stilling til i dette planarbeidet. Planavgrensinga i IKP SJØ er sett til omriss av vedtekne reguleringsplanar. Sjå føresegna pkt. 1.4 og 5.1.1.

For kulepunkt 2 er det noko som må følgjast opp i KPA land. Årsaka til dette er at dei vurderingane som skal gjerast vil gjelde både sjø og land og bør difor sjåast i samanheng med KPA land.

2.3. Regionale planar og nasjonale føringar

2.3.1. Nordhordland UNESCO Biosfæreområde

Nordhordland er det einaste UNESCO Biosfæreområde i Noreg. Overordna mål for Nordhordland UNESCO Biosfæreområde er at ein skal byggje på det beste frå fortida og leggje til rette for ei framtid som sikrar berekraftig bruk av alle ressursane i samfunnet - til nytte og glede for folk i dag og for kommande generasjonar.

Oppfylging av FNs berekraftsmål ligg til grunn for alt arbeidet i biosfæreområdet. UNESCO sitt biosfæreprogram, Man and the Biosphere (MAB), vart etablert i 1971. Det har fokus på forvaltning, forskning og undervisning om berekraftig bruk av økosystem og naturressursar. Programmet utnemner biosfæreområde som skal fungere som læringsstader for berekraftig utvikling. Det er i dag 727 biosfæreområde i til saman 131 land. 259 område ligg i Europa og 11 i Norden.

I søknaden til UNESCO trakk ein særleg fram vatn og fisk som særst viktige ressursar i Nordhordland, og som krev ei berekraftig forvaltning. Det var skildring av område med spesiell høg naturverdi, mellom anna den nasjonale laksefjorden i Osterfjorden.

Som eit Biosfæreområde har kommunane i Region Nordhordland eit ekstra ansvar for at bruken av sjøareala skjer på ein berekraftig måte.

2.3.2. Nasjonale føringar

I Regjeringa sin «**Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023**» er det klare forventningar til kommunal og interkommunal planlegging for sjøareal. Det skal mellom anna sikre at FN sine berekraftsmål vert nådd. Auka bruk av dei kystnære sjøareala har gitt auka behov for arealplanar som er interkommunale. Arealplanlegging i sjø er viktig for å sikre det langsiktige arealbehovet for fiskeri- og havbruksnæringa, samstundes som andre samfunns- og miljøinteresser vert ivareteke.

«**Veileder for planlegging i sjø**» (mai 2021) frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet gir råd om forvaltninga av kystnære sjøområda ved bruk av plan- og bygningslova. Den understrekar at regionale planar er viktige for å sikre ein langsiktig, heilskapleg, føreseieleg og berekraftig forvaltninga av kystsona. Det må også sikrast ein god samordning mellom plan- og bygningslova og sektorlover som dei ulike mynde forvaltar for å finne berekraftige løysingar.

I Regjeringa (Nærings- og fiskeridepartementet) sin «**Havbruksstrategi**» frå 2021 er det forventa at kommunane set av godt og eigna areal til havbruk som gir grunnlag for vekst i sjømatnæringa. Med godt og eigna areal er det presisert at det er areal som kan fasilitere berekraftig oppdrett. Det er også

forventa at arbeidet med arealplan for sjø må skje på tvers av kommunegrensene og oppmodar om interkommunalt samarbeid.

I Regjeringa (Klima- og miljødepartementet) sin «**Handlingsplan for ville bestandar av atlantisk laks**» frå 2021 er det klare forventningar til forvaltninga av sjøareala. Der er det peika på Noreg sitt ansvar for å ta vare på den viltlevande atlantiske laksen. Innsiget av laks til norske vassdrag er halvert samanlikna med nivåa midt på 80-talet. Den norske bestanden av viltlevande atlantisk laks utgjer 1/3 av alle attverande bestandar av arten og det gir Noreg har eit spesielt stort ansvar. Etter at den handlingsplanen vart vedteke har villaksen blitt raudlista. Handlingsplanen peikar på at lakselus er den største risikoen for å gjere ytterlegare skade på villaksen. Det står mellom anna følgjande; «*Det vil bli viktig å leggje til rette for teknologiutvikling som kan bidra til å løyse miljø- og arealutfordringar i havbruksnæringa.*»

Planområdet er eit område med mykje bruk og påverknad, og i arbeidet med planen er det viktig å sikre at naturmangfaldet blir ivaretatt fordi naturen har eigenverdi og eit velfungerande økosystem har stor verdi for samfunnet og kommande generasjonar.

Vassføreskrifta og Naturmangfaldslova er sentrale føreskrifter for å sikre berekraftig bruk og vern av sjøområda langs kysten og i fjordane våre. Kvar vassførekomst eller sjøområde har eit miljømål om å ha eller oppnå minst god økologisk og god kjemisk tilstand jf. kapittel 2. Vassføreskrifta. Det er også eit forvaltningsmål at naturmangfaldet, som ei økosystemteneste for menneska, skal bli ivareteke på lang sikt. God forvaltning og planlegging av sjøområda fordrar eit godt kunnskapsgrunnlag for planar som vil påverke naturen. Vidare blir det vektlagt at ein gjer heilskapleg vurderingar av samla belastning som økosystema er og vil bli utsett for, jf. §4-13 Naturmangfaldslova.

Av naturmangfald er det per i dag villaks og sjøaure i anadrome vassdrag som opplever størst negativ påverknad av sjukdom, genetisk innblanding og lakselus frå akvakultur. Gjennom trafikklyssystemet for akvakultur vert det gjort kontinuerleg vurdering av lusepåverknad, som legg føringar for auke eller nedtrekk av produksjon i sjøområda. Planområdet ligg i eit område med høg belastning på vill laksefisk, der trafikklyssystemet, saman med Naturmangfaldslova, Kvalitetsnorm for ville bestandar av laks, og Lakse- og innlandsfisklova gjev forvaltninga føringar og retningslinjer for å ivareta og gjenoppbygge naturlege bestandar av laks og sikre framtidig berekraftig vern og bruk.

Fleire av dei miljørettslege prinsippa i Naturmangfaldslova jf. §§ 8-12 set, på eit overordna nivå, føresetnader og føringar for konsekvensutgreiinga av planen, mellom anna krava til kunnskapsgrunnlaget, skildring av påverknader, samla belastning, vurdering av føre-var prinsippet og kompenserte og avbøtande tiltak. Viser til Kunnskapsgrunnlaget og vedlegg «Kjelder til kunnskapsgrunnlaget» for meir detaljert informasjon og oversikt.

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen, vart fastsett ved kgl.res. av 25. mai 2021, jf. plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 § 6-2. Målet med desse retningslinjene er å gjera tydelegare den nasjonale arealpolitikken og sikra nasjonale og regionale interesser i 100-metersbeltet langs sjø. Dette gjeld i særleg grad omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og ålmenne interesser. Nordhordland ligg i sone 3 med mindre press på arealressursane– med unntak av deler av Alver som ligg i sone 2 (stort press). Planretningslinja ligg i 100-metersbeltet langs sjøen, i areal som ikkje er del av den interkommunale sjøplanen. Det er likevel slik at arealendringar i sjø kan få ein indirekte påverknad på land; enten ved visuelle konsekvensar, eller at tiltak i sjø vil utløyse behov for tiltak på land. Sjå også pkt. 2.4.

2.3.3. Regionale føringar

I Vestland fylkeskommune sin «Utviklingsplan for Vestland 2020-2024» står det følgjande;

«Akvakultur og fiske er viktige næringar, men vi må nytte dei innanfor berekraftige rammer. Ikkje alle vassførekomstar har tilfredsstillande miljøtilstand, både i vassdrag og fjordar. God vasskvalitet er ei fundamental utfordring som vi må løyse.»

I utviklingsplanen vert det også peika på at fylket må få til grøn omstilling for å bli meir uavhengig av olje og gass næringa. Det er peika på følgjande utfordringar;

«Akvakultur er ei viktig næring i Vestland og fylket har størst produksjon i landet. Næringa har likevel utfordringar gjennom tap i produksjonen og i høve til miljøkonsekvensar.»

I Vestland fylkeskommune sin «Regionale plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033» er sjøen og havet eit viktig satsingsområde. I handlingsprogrammet er det vist til at fylket har ambisjon om å «Ta posisjon som den globalt leiande havregionen».

I «Regional plan for vassforvaltning 2022–2027» viser kva som er statusen for vassområda og inneheld ein tiltaksplan. Det står følgjande;

«Forvaltningsplanen fastsett miljømåla for vassførekomstane. Tiltaksprogrammet omtalar korleis dei fastsette miljømåla kan verte nådde innan utgangen av 2027, eller på eit seinare tidspunkt om utsett frist vert gitt.»

Statlege etatar, fylkeskommunar og kommunar har greia ut framlegg til tiltak innanfor sine ansvarsområde, samt greidd ut premissane for fastsetting av miljømål.»

For akvakultur står det følgjande;

«Lakselus er ei stor utfordring i Vestland vassregion, og har mellom anna har ført til at Mattilsynet har varsla og fatta vedtak om mellombels reduksjon i produksjon på oppdrettslokalitetar med særlege utfordringar.»

Dei regionale styringsdokumenta viser at arealplanlegging i sjø er viktig for Vestland fylke, men det er også tydeleg at der må gjerast andre grep og tiltak dersom ein skal lukkast med å utvikle akvakulturnæringa og samstundes få kontroll med lakselusa. Dette er nærare omtalt i planskildringa i kap. 9.

2.4. Krav om konsekvensutgreiing og risiko- og sårbaranalyse

Plan- og bygningslova § 4-2, andre ledd slår fast at kommuneplanar med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging skal ha ei særskilt vurdering og skildring – *ei konsekvensutgreiing* – som viser planen sin verknad for miljø og samfunn. Ein interkommunal plan er å oppfatta som kommuneplanen sin arealdel, ref. planprogrammet. Etter forskrift om konsekvensutgreiingar for planar etter plan- og bygningslova (§6a), 2017, er slike planar alltid omfatta av kravet til konsekvensutgreiing, når planen fastset rammer for nye utbyggingstiltak.

Føremålet med utgreiinga er å få fram viktige miljø- og samfunnsverdiar, kva verknad ei eventuell utbygging vil ha for desse verdiane, og kva som kan gjerast av avbøtande tiltak for redusera negative verknader. Det gjeld òg alle endringar som kan ha innverknad på miljø og samfunn. Plan- og bygningslova § 4-3 stiller i tillegg krav om risiko- og sårbaranalysar (ROS) ved alle planar før ei utbygging evt. kan skje. I kommuneplanens arealdel skal potensiell fare avklarast, og ROS- analysen skal nyttast til å styra at utbyggingsområde vert lagt til trygge område.

I konsekvensutgreiinga er det lagt vekt på å få fram potensielle indirekte (ofte visuelle) konsekvensar i område som ligg utanfor planen sine grenser, dvs. på land. Døme på dette kan vera mogleg tap av opplevingskvalitetar for landskapsbiletet, kulturmiljø eller friluftsliv.

3. Føremål med planarbeidet

3.1. Innleiing

Eit hovudformål med planlegging etter plan- og bygningslova er å fremme berekraftig utvikling . Areal- og samfunnsplanlegging er ein sentral del av kommunane sitt arbeid med samfunnsutvikling.

Planen skal vere ein arealplan for sjøareala, der heilskapen blir ivaretatt over kommunegrensene. Gjennom planarbeidet skal det utviklast langsiktige rammer for berekraftig arealbruk, forvaltning og verdiskaping i sjøområda. Planen skal munne ut i ein juridisk bindande plan på kommunepennivå.

3.2. Føremål

Planen skal være eit verktøy for langsiktig forvaltning av sjøareala i kommunane i tråd med prinsippet om berekraftig utvikling.

3.3. Resultatmål

Arealplanen skal syne hovudtrekka i korleis areala skal nyttast og vernast, og kva viktige omsyn som må takast vare på ved disponeringa av areala. Planen skal gi grunnlag for langsiktig og positiv samfunnsutvikling i kommunane både med omsyn til næringsutvikling og bulyst.


Planen skal vere eit kunnskapsbasert forvaltningsverktøy for kommunane. Gjennom planarbeidet skal det utviklast langsiktige rammer for berekraftig arealbruk, forvaltning og verdiskaping i kystsona.

Planen og prosessen skal avklare ulike interesser og vere konfliktføbyggjande.

4. Planprosessen

4.1. Framdrift

Arbeidet starta opp hausten 2020 og planprogrammet vart vedteke sommaren 2021. Det var temavise møte med friluftsforganisasjonar og næringa hausten 2021. Arbeidet med kunnskapsgrunnlaget for område starta opp hausten 2021. IKPU sender planen på 1. gongs høyring i september 2022, 2. gongs høyring i mars 2023 og begrensa 3. gongs høyring juni 2023.



Figur 1: Framdriftsplan

4.2. Organisering av planprosessen

4.2.1. Interkommunalt samarbeid og samordning

Kommunestyra i dei deltakande kommunane vedtok hausten 2020 å ta del i interkommunal plan for sjøareal. Kommunestyret valte representant og vararepresentant til interkommunalt planutval (IKPU), jf. §§ 9-2 og 9-3. Kommunestyret delegerte planmynde til IKPU. Kapittel 11 i plan og bygningsloven set rammer for planlegginga med kva type formål og føresegner som kan gjevast i planen. Ein interkommunal plan er ikkje ein «overkommunal plan», men ei samansetting av fleire formelt sjølvstendige kommunale planar «bygd» på ein heilskapleg vurdering.

4.2.2. Interkommunalt planutval (IKPU)

Det interkommunale Planutvalet (IKPU) er eit politisk oppnemnd styre som skal leie planarbeidet jf. pbl § 9-2. Dei deltakande kommunane har overført mynde til å treffe vedtak om planprosessen til IKPU, jf. § pbl 9-3. IKPU har ansvaret for å legge politiske føringar for planen sitt mål og innhald. IKPU vedtar forslag til planomtale, plankart og føresegner, gjennomfører offentleg ettersyn og innstiller det endelige planforslaget til kommunestyra for vedtak.

Medlemmene i IKPU har ansvar for kommunikasjon med det politiske miljø i eigen kommune. Det er avgjerande at kommunestyra har eigarskap til planarbeidet. Kommunestyra har hausten 2020 vald følgjande medlem:

Tabell 2: Samansetning av interkommunalt planutval (IKPU)

Kommune	Fast medlem	Varamedlem
Alver	Malin Andvik	Anne Grete Eide
Austrheim	Per Lerøy	Inger Lise Brekke
Fedje	Stian Herøy	Bjørn Solbakk
Gulen	Hallvard Oppedal	Bjarte Undertun
Masfjorden	Karsten Totland	Torill Torsvik Størkeresen
Modalen	Kjetil Eikefet	Ann-Jorunn Farestveit
Osterøy	Lars Fjeldstad	Hjalte Heimir Gislason
Vaksdal	Hege Eide Vik	Kjartan Haugsnes

Det interkommunale planutvalet hadde konstituerande møte fredag 13.11.2020 og valde einstemmig:

- Leiar - Hallvard Oppedal (Gulen)
- Nestleiar - Lars Fjeldstad (Osterøy)

4.2.3. Styringsgruppe og prosjektleiar

Rådmannsgruppa er styringsgruppa med ansvar for prosjektet si framdrift, ressursbruk og økonomi.

4.2.4. Arbeidsgruppe

Arbeidsgruppa består av ein administrativ fagperson frå kvar kommune som skal bidra i utforminga av planen. Det er rådmann i kvar einiskild kommune som har oppnemnd medlem til arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa vert leia av Kristin Nådald (Alver kommune).

Tabell 3: Samansetning av arbeidsgruppa for interkommunal plan for sjøareal (AIK) og faglege ressursar

Kommune	Medlem
Alver	Kristin Nådald (leiar)
Austrheim	Asbjørn Toff
Fedje	Berit Karin Rystad
Gulen	Ingvild M. Høydal
Masfjorden	Sveinung Toff
Modalen	Jo Bjarte Tømmerbakke
Osterøy	Pelle Engesæter
Vaksdal	Knut Trefall
Planfagleg ressurs	Hans Kristian Dolmen
Kart ressurs	Terje Villanger
Koordinator	Bent Gunnar Næss

Arbeidsgruppa har vore sentral i dei faglege vurderingane i utarbeidinga av planomtale, konsekvens-utgreiing og ROS-analyse.

4.2.5. Koordinator

Region Nordhordland IKS (RNI) si rolle i prosjektet er å vere ein fasilitator/tilretteleggjar og koordinator i prosjektet. RNI sin person vil samarbeide tett med arbeidsgruppa, styringsgruppa og IKPU.

4.2.6. Regional og statleg referansegruppa – myndigheitene

For å sikre ein god planprosess og få tidlege avklaringar frå regionale myndigheiter er det oppretta ei referansegruppa for myndigheitene. Dette for å kunne få gode innspel så tidleg som mogleg i prosessen. I tillegg til dei aktuelle myndigheitene (jf.tab.8) vil Havforskningsinstituttet delta, og deira hovudoppgåve vil vere å rettleie og finne fram det beste faglege grunnlaget.

Tabell 4: Samansetning av referansegruppa

Mynde	Deltakar
Kystverket	Turid Susort Jansen
Fylkesmannen i Vestland	Hege Hellesø*
Vestland Fylkeskommune	Torbjørn Hasund Endre Korsøen
Fiskeridirektoratet	Ina Giil Solheim og Ola Midttun
Mattilsynet	Kjersti Kongsgården Fremmerlid
Havforskningsinstituttet	Vivian Husa og Terje van der Meeren


*Ulike personar/avdelingar har deltatt

4.2.7. Referansegrupper

For å sikre ein god planprosess og få tidlege avklaringar vil ein ha god kontakt med næringslivet og frivillige lag og organisasjonar. Det er oppretta to referansegruppe:

- Næringslivet – representert med Nordhordland Næringslag
- Organisasjonar på regionalt nivå – som tek i vare friluft og miljøinteressene
 - Nordhordland Naturvernforbund
 - Bergen og omland friluftsråd (BOF) – dei tek i vare også Nordhordland Turlag sine interesser
 - Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland og Sogn og Fjordane

4.2.8. Organisasjonskart og framstilling av planen



Figur 2: Organisasjonskar



Figur 3: Organisering med interkommunalt planutval

4.3. Medverknad og dialog i planprosessen

Planarbeidet har som formål å sjå til at alle interesser i sjøareala og deira behov for areal blir lagt fram og vurdert. Dette gir dei politiske mynde ei betre grunnlag for sine avgjerd. Dei formelle prosedyrekrava er knytt til kommuneplanen, og interkommunalt plansamarbeid i samsvar med pbl. kap.9, og er skildra i pbl. kap. 5 og 11.

Planarbeidet og prosessen med å utarbeide plan kan grovt delast i dei fem fasane (i) planprogramfase, (ii) planfase, (iii) høyringsfase, (iv) planvedtak og (v) gjennomføring. Prosessen vert styrt av reglane etter plan- og bygningslova som set minstekrav til medverknad.

Utarbeiding av **planprogram (fase 1)** utgjer den formelle oppstarten av planprosessen med varsling og kunngjering. I dette planarbeidet har ein og invitert aktørane til å komme med konkrete arealinnspele.

Utarbeiding av sjølv **plandokumenta utgjer (fase 2)** og medverknad, dialog og involvering er ofte knytt til spesifikke tema og problemstillingar. Med eit vedtatt planprogram kan ein gå djupare i klarlegging av fakta og grunnlag, samtale og diskusjon om særleg utfordrande tema og val eller konklusjonar i tråd med planprogram og føremålet med planarbeidet. I denne fasen har både interkommunalt planutval, arbeidsgruppa og referansegrupper vore involvert ved informasjon og diskusjon. Planarbeidet har søkt mykje informasjon og dialog mellom anna hos Havforskningsinstituttet, og har hatt arbeidsøktar der ein har søkt å gjere tematiske avklaringar, til dømes når gjeld akvakulturanlegg og ivaretaking av villaks.

Høyringsperioden (fase 3) vert gjennomført etter vedtak i det Interkommunale planutvalet og vert nytta til å få innspel til tema, mål og arealbruk i planområdet. Innspele skjer skriftleg og gjennom dialog med sentrale aktørar. For eit planarbeid som strekk seg over 8 kommunar og ein litt vid tidshorisont vil innbyggjarar, næringsliv og andre deltakarar lett miste kontakten med arbeidet. I høyringsperioden vil ein difor anstrenge seg utover det som er minstekravet etter planlova for å sikre informasjon ut i planområdet og betre moglegheita for deltaking.

Vedtaka av plan (fase 4) vil for dette arbeidet skje i kvar av dei deltakande kommunane etter samordning og innstilling frå det interkommunale planutvalet. Det er berre kommunestyra som har mynde til å gjere desse vedtaka. For ein plan som strekk seg over fleire kommunar er det naudsynt med samordna deltaking og involvering før godkjenning.

Gjennomføring av **handlingsplan (fase 5)** er ikkje ein formell del av planprosessane, men er viktig og naudsynt og ha med seg for at det planarbeidet ein gjer skal ha verknad. Til dømes må ønska tiltak settast i samanheng med finansiering og tilgang på andre ressursar. For ein interkommunalplan for sjøområde må i tillegg tiltak samordnast ikkje berre over kommunegrensar, men i fjordområde med utfordringar som er samansett på fleire vis.

Tabell 5: Ulike møte/samlingar som er gjennomført på regionalt nivå

År	Mnd	Målgruppe/interessent	Tema – status
2020	12	Regionale mynde	Informerte om planlagt planprosess og organisering. Dei ulike mynde kom med tilbakemelding og sine forventningar til arbeidet
2021	10	Regionale mynde	Arbeidsmøte Status Akvakultur – behov for strukturendringar – utfordringar Kunnskapsgrunnlag, KU avklaringar
2021	11	Referansegruppe for næring	Orientering om arbeidet Innspel frå næringa om deira behov for areal og rammer for drift. Det vart gitt innspel frå havbruk og fiskerinæringa og deira behov for areal.
2021	11	Akvakultur	Oppfølging av møte tidlegare i månaden der akvakulturnæringa kunne samordne sine innspel.
2021	11	Referansegruppe friluft, natur og miljø	Arbeidsmøte – orientering Vassforvaltning, friluftsliv, miljøstatus, laksefjord – status villaks og sjøaure
2022	2	Regionale mynde	Arbeidsmøte Status Innspel til kunnskapsgrunnlaget
2022	3	Statsforvaltaren	Gjennomgang av kunnskapsgrunnlaget Rammer og innhald for KU og ROS
2022	3	Statsforvaltaren	Oppfølging av tidlegare møte Gjennomgang av kunnskapsgrunnlaget Rammer og innhald for KU og ROS
2022	9	Regional mynde	Overordna gjennomgang av plandokument og planforslag
2022	11	Opent møte	Presentasjon av planforslaget
2022	11	Opent kontor	Alle som ville kunne ta kontakt for å få meir detaljert gjennomgang av forslaget

5. Planområdet og arealbruken i dag

Prosjektet har utarbeida eit eige kunnskapsgrunnlag. Det som står her er ei oppsummering av kunnskapsgrunnlaget.

5.1. Planområdet

Planområdet går frå hav til innerst inne i fjordane. Lengst vest er det ei lav strandflate som omfattar både fastland, halvøyar og ein skjergard med mange øyer, holmar og skjer. Vidare austover er sjølv fjordlinja variert og ulike typar steinkyst dominerer med veksingar av klippe- bratt- og svabergkyst. Dette endar opp med fjordar som er omkransa av markante og til dels høgreste fjordsider.

5.2. Kulturminne og kulturmiljø

Øyane blei tidleg isfritt då isen trakk seg tilbake for ca. 11000 år sidan. I fjordar og sund i Nordhordland var det rikt med fisk og marine ressursar, og dette gav livsgrunnlag for dei første menneska som busette seg her. Ved Fosnstraumen mellom Radøy og Fosnøya finn vi ein av Noregs største buplassområde frå steinalderen. Overgangen til jordbruket i bronsealderen førte til at folk vart meir bufaste. Landskapet endra seg i takt med at menneska byrja å dyrke jorda. Lyngheilandskapet blei forma av heilårsbeitande dyr og Nordhordland er der dei tradisjonelle driftsmetodane har halde seg sterkast og lengst over tid.

Gulatinget var det første landsdelstinget i Noreg og ein viktig grunnstein i oppbygginga av det norske statsapparatet. Gulatinget vart skipa i Gulen ein gong før år 900.

I århundra etter mellomalder var sal av fisk og landbruksprodukt til byfolk ei viktig inntektskjelde. Langs kysten vaks det fram gjestgjevarstader (bl.a. Kjelstraumen, Bruknappen, Alverstraumen). Ytst på kysten kom det kremmar- og handelsstader som Kræmmarholmen på Fedje. Auka trafikk i leia kravde losing og oppmerking.

Omkring 1860 kom dei fyrste lokale dampbåtrutene i gang, og dampskipskaiane blei viktige knutepunkt i bygdene. Det kom meieri, krambuer, bakeri, postkontor med meir i samband med kaiane. På stader som Isdalstø, Litlebergen og Alverstraumen vaks det opp små tettstader. Mange stader etablerte småindustri seg, innan garving og metallvare. Den store folkeauken etter andre verdskrig førte til stort behov for nye bustader og mellom anna Knarvik vaks fram som region- og kommunesenter frå ca. 1964.

5.3. Friluftsliv og folkehelse

Utøving av friluftsliv er ein aktivitet der folk flest kan vera med, og som gir store helsemessige gevinstar. Føresetnaden for det norske friluftslivet er allemannsretten som gir alle rett til å ferdest fritt i utmark, utan å måtte betale for det. (stortingseld. St. 18 (2015–2016)). Det sjøbaserte friluftslivet er attraktivt for innbyggjarane og tilreisande.

Vi har brukt følgande kjelder for tema:

- Statleg sikra friluftsområde
- Bergen og Omland Friluftsråd sine friluftsområde
- Kartlagt friluftsområde i kommunane
- Omsynssone friluftsliv frå kommuneplanane
- Friluftsområde i kommuneplanane

Registrerte turruter i Kartverket sin turdatabase inngår i stor grad i kjeldene lista opp over, og blir ivaretatt.

Mange nyttar sjøområda i Nordhordland til rekreasjon og friluftsliv. Mellom anna er det rike padlemoglegheiter i området, noko BOF si padlebok syner godt (<https://bof.no/padle-guide/>). Mellom anna Lindåspollane, og ulike ruter i Meland/Radøy.

Friluftsområda er sårbare for direkte inngrep og endring/ forverring i støytilhøve som vil påverke bruk og oppleving av friluftslivsområde. Lyd- og lysforureining frå industri, hamner, skipstrafikk og akvakulturanlegg kan gje negativ påverknad på friluftsopplevinga på både sjø og på land.

5.4. Naturmangfald

Naturmangfald kan ein forstå som det biologiske, geologiske og landskapsmessige mangfaldet i naturen vår. Naturmangfald i sjø og på land bidreg til menneskeleg velferd og vert kalla eit naturgode (økosystemtenester), og er grunnlaget for samfunnet, helse og trivsel og opplevingar.

Planområdet er mangfaldig og omfattar indre fjordstrøk til ytre kyst, fjordar som er open ut mot havet, terskla fjordarmar og straumsterke sund, samt viktige og sårbare naturtypar som korallrev, tareskog, skjelsand, blautbotnområde i strandsona og ålegraseng. Dette er natur med høg eigenverdi, men som og er økologisk viktige område med funksjon som gyte- oppvekst og beiteområde for eit mangfald av artar, blant anna fisk som er ein viktig haustbar ressurs. Enkelte område, spesielt terskla fjordarmar med naturleg avgrensa utskiftingstilhøve som Masfjorden, Lurefjorden, og Sørfjorden, kan vere sårbare for ytre påverknad.

Kystområdet i planområdet, med øyar og holmar, tareskog- og skjelsandfjørekomstar, er eit viktig område for ein rekke sjøfugl. Fleire raudlista sjøfuglartar hekkar innanfor planområdet, til dømes ærfugl, makrellterne, fiskemåse og teist. Blautbotnområde i meir beskytta område er viktige for ein del vadefuglar, enten stadbundne eller under trekk. Slike område er også viktig for østers. Dei djupe fjordområda innanfor planområdet er funksjonsområde for ein djuptlevande fiskeart som blålange. Det er få observasjonar i Artskart av korallar innanfor planområdet, med enkeltobservasjonar i Fensfjorden, Radfjorden og Mangersfjorden.

Naturtypar i fjøresona, som blautbotnområde og ålegrassamfunn, er utsett for øydelegging som følge av utbygging og utfylling i strandsona. Fleire naturtypar er utsett for høgare næringsstoffutslepp, som kan gjere at vegetasjon vert overgrodd med hurtigvoksende trådforma algar. Klimaendringar, spesielt høgare sjøtemperaturar kan også påverke naturtypar negativt. Naturtypelokalitetar i meir lukka system, som indre fjordstrøk og meir eller mindre lukka vikar og pollar, er meir utsett for næringsstoffutslepp enn kyststrøk.

Innanfor planområdet er det eit stort marint verneområde, Lurefjorden, som utgjer eit areal på knapt 69 km². I tillegg er det 25 mindre verna område med tilknytning til marine miljø, 24 naturreservat for sjøfugl og 1 våtmarksområde som inkluderer sjø- og vadefugl.

Dei fleste sjøfuglbestandar i Noreg har vore nedgåande dei siste 10–30 år og det er difor viktig å ta vare på gode hekkeplassar for sjøfugl. Det er 92 omsynssoner for naturmiljø (H560) i planområdet frå kommuneplanar sin arealdel. Omsynssoner for hekke- raste og yngleområde for sjøfugl dominerer, men det er også omsynssoner for gyteområde for fisk, naturtypar som tareskog, korallfjørekomst og yngleplass for oter.

Planområdet er mykje brukt og i arbeidet med planen er det viktig å sikre at naturmangfaldet blir ivaretatt for naturen sjølv og for kommande generasjonar. Eit velfungerande økosystem har stor verdi for samfunnet. Ein bør unngå å legge til rette for tiltak og inngrep som vil forringe eller øydelegge viktige førekomstar, artar eller medføre til redusert miljøtilstand i sjøområde, spesielt for naturtypar og sjøområde som er sårbare.

5.5. Vill laksefisk, sjøaure og anadrome vassdrag

Laks går ut frå elvane som smolt om våren, fortset deretter gjennom fjorden som postsmolt og vandrar så vidare ut i havet. Normalt vender ikkje laksen tilbake før den har vore frå ein til tre vintrar i havet, då vandrar den normalt sett tilbake til fødeelva si for å gyte.


Sjøaure vandrar også ut i fjorden som smolt om våren, nyttar så fjordsystemet som beiteområde om sommaren og vender tilbake til ferskvatn om hausten. Ofte vender den tilbake til den elva den vandra

ut frå, men den kan også vandre opp i andre vassdrag. Om våren vandrar den ut igjen i sjøen og brukar då gjerne ein større del av fjordsystemet som beiteområde, enn når den vandrar ut det første året. Når den har vore nokre somrar i sjøen vandrar den tilbake til heimeelva si for å gyte. Sjøauren kan gjenta denne utvandringa mange gongar og kan også gyte gjentatte gongar.

Både utvandrande laks og sjøaure som beitar i fjordsystemet vil vere utsett for å få på seg lakselus. Mykje av lakselusa som finnast i fjordsystemet har opphav frå oppdrettsanlegga.

Både laks frå elver som ligg i planområdet og frå elver som ligg i fjordsystemet innafor vil bli negativt påverka av lakselus frå oppdrettsanlegg som ligg i planområdet. Også anna verksemd i fjordane kan påverke laks og sjøaure negativt.


I planområdet er det ei rekke vassdrag med bestandar av laksefisk og ål. Ål er vurdert som sterkt trua (EN) og laks som nær trua (NT) i Norsk Raudliste for artar 2021.



Figur 4: Dei ni kategoriene som nyttast i regionale rødlisteprosesser etter Den internasjonale naturvernunionen (IUCN) sin metodikk. <https://artsdatabanken.no/rodlisteforarter2021/Metode>.



Vossovassdraget har utløp innerst i Osterfjorden og er eit nasjonalt laksevassdrag, og fjordane i Osterfjordsystemet er Nasjonal Laksefjord (Figur 5). Innanfor Ortnevik i Sognefjorden er det også Nasjonal laksefjord, her ligger også dei nasjonale laksevassdraga: Vikja, Nærøydalselva, Flåmselva, Lærdalselva og Årøyelva. Laksebestandane som inngår i ordninga skal beskyttast mot inngrep og aktivitetar i vassdrag og nærliggjande fjord- og kystområde.

I tillegg til Vossovassdraget er det 10 laksevassdrag i planområdet. Vitskapeleg råd har gjort vurdering for lakseforvaltning i seks av vassdraga. For tre er tilstanden for laksebestanden «Svært dårlig», den er «moderat» i to og god i eitt vassdrag. Dei fem andre vassdraga er ikkje vurdert av Vitskapeleg råd for lakseforvaltning, men i Lakseregisteret har fire «Dårlig/Svært dårlig» tilstand, medan det er «moderat» tilstand i eitt. Viktigaste negative påverknad på dei elleve bestandane er lakselus, og berre i to vassdrag er det andre faktorar enn lakselus som er viktigaste påverknad i følgje lakseregisteret.





Temakart: Laksefjord

Teiknforklaring tema

-  Laksefjord
-  Utløpsspunkt

Basiskart (N250)

-  Utanfor planområdet (maske)
-  Kommunegrense

Figur 5: Nasjonale laksefjorder og utløp av laksevassdrag innanfor planområdet.

5.6. Fiskeri og gyte- og oppvekstområde

Fiskeri er ei tradisjonsrik næring i Nordhordland, og har ikkje berre ein verdi i seg sjølv, men gjev ringverknader til andre næringar og bidrar til grunnlaget for busetnad, oppleving og identitet.

I Nordhordland vert det fiska med passive reiskapar som garn etter artar som blant anna torsk, sei, lyr, lysing, hyse, lange, brosme og breiflabb og kreps, krabbe, hummar og leppefisk med teiner.

Aktive reiskapar som snurrevad og rekestrål blir brukt for fiske etter makrell, sild, sei, brisling, hestemakrell, lysfiske og reker. Tarestrålslede blir brukt til hausting av tare og sandsugar blir primært brukt til uttak av skjelsand.

I planområdet er det 31 rekefelt. Informasjonen om bruken av felta er ikkje oppdatert sidan 2007-2011. Det har i lengre tid vore lite aktivitet på rekestrålfelt på grunn av lite førekomstar av reke på Vestlandet. Kartlegging av botnfisk og reker på rekefelt i Vestlandsfjordar i 2021 har vist til at det er generelt lite djuphavsreker og vart berre funne på nokre få rekefelt.

Det er 19 fiskefelt der det vert fiska med aktive reiskap og for fleire av felta er det lite eller ingen informasjon om bruk, i tillegg til at informasjon om fleire av felta er ikkje oppdatert sidan 2011. Dei fleste fiskefelte er i Gulen og Masfjorden kommune og vert brukt av lokale fiskarar.

Det er 155 fiskefelt for passive reiskapar i planområdet og det er registrert noko til mykje bruk på dei fleste felte. Informasjonen om bruken av felte er ikkje oppdatert sidan tidleg 2000 talet. Det er registrert 217 plassar for låssetting innanfor planområdet og desse vert brukt til notfiske eller låssetting av fisk. Mange av plassane for låssetting vert ikkje brukt i dag og for mange er ikkje bruken oppdatert sidan tidleg 2000 talet. I Vaksdal kommune har fleire av plassane for låssetting verneverdi i naturvernsamanheng.

Innanfor planområdet er det 26 haustefelt for tare og kvart felt er ope for tarestråling kvart femte år. Fangststatistikk frå området visar at det vart hausta større mengder i perioden 2019-2021.

Innanfor planområdet er det fleire felt for uttak av skjelsand, alle i vestre del av Gulen kommune. Skjelsand er ein ikkje-fornybar ressurs og fylkeskommunen gjev konsesjon for uttak av skjelsand med varigheit på 5 år. Skjelsandførekomstar har og ein viktig funksjon som gyte-, oppvekst og næringsområde for fisk og andre organismar.

Fiskeri er ei næring som er avhengig av ei god forvaltning av gyte-, oppvekst- og beiteområde for fisk, for ei berekraftig hausting av ressursane i havet. Oppvekstområde er mellom anna tareskog og ålegrasenger. Arealbeslag eller restriksjonar i fiskeri er eit utfordringsbilete for næringa, då dei opplever auka konkurranse om sjøareala og at tilgjengeleg areal for fiskeri vert redusert over tid, enten ved at andre interesser bandlegg delar av eller heile fiskefelt eller at felt vert forringa.


På generelt grunnlag bør ein få ei betre oversikt over bruken av fiskefelt og plassar for låssetting i planområdet, for å sikre framtidig utvikling og behov for fiskeri. I planarbeidet er det viktig å verne om rekestrålfelt, sjølv om det ikkje er mykje aktivitet eller fangst i desse områda per i dag. Ved lite fangst vil det vere ekstra viktig at det er fleire felt å veksle mellom. Ein bør unngå fortøying, utfylling og forureining som forringar eller legg beslag på fiskefelt, låssettingplassar eller viktige område for fiskeri.

Avsetting av arealformål for fiske er delt i fire kategoriar - fiske, kaste og låssetting, reketrål og gyteområde. I plankartet kan området med desse interessene visast som omsynssone eller formål. To av kommunane (Austrheim og Fedje) i planområdet har brukt omsynssone, resterande har nytta formål - Fiske (FI).

5.7. Akvakultur


Akvakultur er ei viktig forsynande teneste med stor samfunnsverdi, som næring i seg sjølv og som gjev betydelege ringverknader til andre næringar og bidrar til grunnlaget for busetnad.

Nordhordland har sterke tradisjonar innan havbruk med oppstart av oppdrett av laksefisk i sjø på 60 talet, og har per i dag 73 akvakulturlokalitetar (Figur 6). Av dei er 51 lokalitetar tradisjonelle matfiskanlegg i sjø for produksjon av laksefisk, 1 lokalitet er eit torskeanlegg, 7 lokalitetar er settefiskanlegg, 4 landbaserte sette- og stamfiskanlegg, 2 slakteanlegg, 1 lokalitet med akvakultur av blåskjel og stamfisk og 7 tareanlegg. Ein av settefisklokalitetane er under bygging og har ikkje drift per i dag. Det er lite oppdrett av andre marine artar enn laksefisk (laks og sjøaure), men det har dei siste åra vore ei større satsing på etablering av tareanlegg. Fleire av tareanlegga er heller ikkje i drift per dags dato. Alver og Gulen kommune har flest akvakulturlokalitetar uavhengig av type produksjon.








Figur 6: Oversikt over akvakulturlokalitetar i planområdet (<https://portal.fiskeridir.no/>).


Planområdet ligg i eit relativt oppdrettsintensivt område, der storparten av sjølokalitetane ligg i opne og uterskla kyst- og fjordområde. Sjøområda Radfjorden og Ånnelandssundet ytre har høgast gjennomsnittleg månadleg biomasse med mellom 150-200 tonn/km².



Temakart: Produksjonsintensitet, vannforekomster 2019-2020

Teiknforklaring tema		Basiskart (N250)	
Gj.sn biomasse per måned (tonn/km ²)			
	>300		Utanfor planområdet (maske)
	200-300		Kommunegrense
	150-200		
	100-150		
	50-100		
	0-50		
	Ingen lokaliteter		

Figur 7: Oversikt over produksjonsintensitet (gjennomsnittleg ståande biomasse for laksefisk per sjøareal (tonn/km²) i planområdet (<https://portal.fiskeridir.no/>).



Figur 8: I rapporten frå EY 26.02.201 «Scenarioanalyse: Kan Nordhordland knekke Vestlandskoden?» Marin næring.

Marin næring i EY sin rapport omfattar verdikjeda for havbasert matproduksjon. Dette inkluderer både fiske, havbruk og næringsmiddelindustrien knytt til havbruk.

Dei fleste areala avsett til akvakulturformål er i drift i dag og det har vore eit fokus i kommuneplanane sine arealdelar å utvide eller justere eksisterande lokalitetar og/eller areal, heller enn å etablere nye areal. Utviding av eksisterande areal kan også vere vanskeleg å få til på grunn av interessekonflikt med andre interesser som til dømes ferdsel og fiske.

Ledige areal er som regel ikkje eigna til tradisjonelle anlegg for laksefisk anten på grunn av at areala er for små, at dei ikkje oppfyll ynskja avstandskrav frå Mattilsynet eller at dei ligg i område som ikkje er berekraftige med omsyn til miljøet. Fleire aktørar peikar nettopp på dette at arealplanar har små og lite hensiktsmessige areal og ynskjer fleksibilitet for å sikre god drift gjennom tilpassing og endring av anlegg.

Det er ingen areal i planområdet som er avsett til akvakultur i område der det er behov for havmerdteknologi og det er i også mindre grad avsett areal som opnar opp for etablering av ny teknologi med minimalt eller ingen utslepp i indre fjord eller terskla fjord.

Taredyrking har blitt meir aktuell dei siste åra og er ein produksjon fleire meiner har eit stort potensiale. Det har vore fleire tilfelle der ein ved eksisterande matfisklokalitetar har fått utviding med formål å bruke området til produksjon av tare, til dømes ved lokalitetane Leirvika og Laberget i Masfjorden kommune.


For at eit sjøområde skal vere aktuelt for tradisjonelle anlegg er det avgjerande at fisken vil ha eit godt levemiljø i dei straum- og vêrtilhøva som er, og kan oppstå på ein lokalitet. Eit område vert og vurdert ut i frå risiko for uakseptabel miljøskade på oppdrettsfisk og villfisk, samt øvrig naturmiljø ved etablering av anlegg.

Dei naturgitte tilhøva i store delar av planområdet er godt eigna til akvakultur då det spesielt i ytre del er eit betydeleg areal av sjøområde som ligg eksponert til med gode straum og utskiftingsforhold. Ytre kyst- og fjordområde frå Hjeltefjorden og nordover til Sognesjøen, Sognefjorden, Fensfjorden og Austfjorden, ligg uterskla og ope ut mot havet i vest og er område med særskild god resipientkapasitet. Samtidig er nok delar av planområdet også mindre eigna for tradisjonelle matfiskanlegg, nettopp fordi det er så eksponert og dermed teknologisk utfordrande.

Sjøområde som ikkje har dei mest eigna naturtilhøva for tradisjonelle anlegg vil vere meir aktuelle for nye driftsformer med ny teknologi eller oppdrett av andre artar med mindre miljøbelastning.

Sysseting direkte frå akvakulturnæringa og anna relatert industri til akvakultur er betydeleg og fleire av oppdrettselskapa i regionen har verksemd i store delar av næringskjeda, frå smoltproduksjon, matfisk, slakteri og vidareforedling. I tillegg kjem andre verksemdar på land som yt tenester eller er leverandørar for næringa. I 2020 var det over 1800 tilsette i produksjonen av laksefisk (tal frå matfisk, stamfisk og FU) i Vestland, og rundt 1300 for dei tre andre store oppdrettsfylka.

I 2022 var det rekordhøgt sal av oppdrett til ein verdi på 106 milliardar kroner og 1,6 mill. tonn (Figur 9). Det var ein stor auke frå 2021 til 2022 på 26 mrd. kr. Denne veksten i verdi skuldast åleine prisveksten, sidan volumet for landet er uendra. Vestland fylke hadde ein auke i verdi på 50 % frå 2021 til 2022 til 24 mrd. kr. Fram til og med 2020 har Vestland fylke vore det største fylket i oppdrett, men i 2021 var Troms og Finnmark og Nordland større. I 2022 var Vestland igjen det største oppdrettsfylke. Vestland fylke sin produksjonen har i liten grad auka sidan 2012.



Figur 9: Oversikt over årleg solgt mengde av slaktet fisk (rund fisk) og verdi av slaktet mengde - oppdrett (laks, regnbueørret og ørret) fra 1998-2022 for landet totalt og Vestland fylke, kjelde Fiskeridirektoratet.

I 2015 vart det oppretta eit havbruksfond som fordeler inntekt til kvar enkelt kommune og fylkeskommune basert på lokalitetsbiomasse. Det gjeld berre klarerte lokalitetar for oppdrett av laks, aure og regnbogeaure i sjø. Største delen av inntektene til havbruksfondet kjem frå sal av nye laksetillatingar (dvs. vekst i næringa), samt frå produksjonsavgift. Inntekt til kommunane i planområdet frå havbruksfondet har frå starten av utbetalingar har variert frå 2 til litt over 100 millionar.

Tabell 6: Oversikt over utbetalinger (mill. kr) til dei ulike kommunane i planområdet frå 2019-2022. Utbetalinger i perioden 2019-2020 til Radøy, Meland og Lindås er i tabellen lagt saman under Alver.

Kommune	2019	2020	2021	2022
Alver	5,2	26,7	11,8	34,0
Austrheim	0,4	4,0	1,3	5,2
Fedje	0,2	1,8	0,6	2,3
Gulen	7,8	28,8	8,9	36,5
Masfjorden	4,7	6,3	3,1	8,2
Osterøy	1,0	10,2	6,6	13,3
Vaksdal	0,1	1,3	0,4	1,7
Samla	19,4	79,1	32,7	101,2


Akvakulturnæringa utviklar seg raskt og har behov for fleksibilitet i forhold til areal og område i fjorden og langs kysten. Havbruk er eit nasjonalt satsingsområde og regjeringa ønskjer å legge til rett for ein føreseieleg vekst langs Norskekysten (Stortingsmelding 16, 2014-2015). Det er midlertidig fleire utfordringar for framtidig og berekraftig vekst, der miljøpåverknad, brukar – og verneinteresser og tilgangen på tilgjengelege og fleksible areal i planområdet er avgjerande.

Avgrensingane for vekst i planområdet er samansett, men er i dag først og fremst regulert av trafikklyssystemet. Trafikklyssystemet avgjer om næringa må redusere (raudt), får auke (grønt) eller fortsette (gult) med dagens produksjon etter korleis akvakultur påverkar miljøet (<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/regjeringen-skrur-pa-trafikklyset-i-havbruksnaringen/id2688939/>). Norgeskysten er delt inn i 13 produksjonsområde og kva lyskategori eit område hamnar i er basert på korleis lakselus, som miljøindikator, påverkar villaksen. Vurdering om produksjonskapasiteten i dei ulike områda skal justerast vert utført anna kvart år. Planområdet ligg innanfor produksjonsområde 4, som har avgrensing frå Nordhordland til Stadt vart i 2020 plassert i raud sone og det fekk same status i 2022. Det vil sei at dagens situasjon med omsyn til miljøpåverknad tilseier at det bør skje ein reduksjon på opptil 6 % av produksjonen i dette området.


PO4 er produksjonsområdet som har nest høgast lokalitetstettleik etter PO3 Karmøy-Sotra. Andre miljøpåverknader frå akvakultur kan og vere med på å avgrense vekst, dersom fjordsystem eller vassførekomst står i fare for å ikkje nå det nasjonale miljømålet om god økologisk og kjemisk tilstand etter vassforskrifta på grunn av forureining og eutrofiering.

Dersom ein ser vekk frå trafikklyssystemet, der regulering av vekst i eit område er avhengig av status for miljøpåverknad, er andre brukar- og verneinteresser dei største avgrensingane for etablering og utviding av nye areal til akvakultur. Område avsett til fiskeri, farlei, ankringsområde og infrastruktur bandlegg store sjøområde, spesielt i ytre del av planområdet. Farleia inn til industri ved Mongstad og Sløvåg er sterkt trafikkert og det er store ankringsområde for større skip, i tillegg til at kablar og

rørleidningar tilknytt oljefelt eller oljeterminalar ligg både i Fensfjorden og Fedjefjorden (Figur 10). Viktig naturmangfald i ytre delar av planområdet, marine verneområde, omsynssoner og friluftslivområde gir avgrensingar for etablering av nye areal med akvakulturformål.



Figur 10: Oversikt over brukarinteressene fiskeri, farlei, ankringsområde og trase for rør og kablar til oljeindustri (<https://portal.fiskeridir.no/>).



Figur 11: Oversikt over viktige naturtypar, naturvernområde og friluftslivsområde (<https://portal.fiskeridir.no/>).

Det er få ledige areal med akvakulturformål som er eigna til tradisjonelle matfiskanlegg av laksefisk. Enkelte areal eller fleire areal kan komme til dersom ein brukar ny teknologi. For å vurdere kva delar av sjøarealet som kan nyttast til ulike typar av akvakultur er det behov for ei heilskapleg arealanalyse som visar til dagens bruk av sjøareala, kvar det vil kunne vere moglegheiter og kvar det vil vere uaktuelt med etablering av nye areal med akvakulturformål. Det vil vere ulike behov for areal og type sjøområde avhengig av om det er opne eller lukka matfiskanlegg eller oppdrett av andre artar.

Miljøverknad og tilgjengelege areal er ei utfordringsbilete for næringa. Ei berekraftig utvikling av akvakulturnæringa fordrar at ein har tilgjengelege areal, ny teknologi som reduserer utslepp i sjø eller minimerer utslepp i sjø i sårbare resipientar. Slik som situasjonen er i dag er det eit ønske å få redusert organiske og kjemiske utslepp, luseproblematikken og dødelegheit av fisk, som er eit aukande problem både for natur og næring. I Vestland er dødelegheita i % av utsett smolt på 22 % i åra 2018 – 2020. Det er om lag 30 % høgare enn gjennomsnittet for landet (Akvakulturstatistikk: matfiskproduksjon av laks, regnbueørret og ørret (fiskeridir.no) .

I Fiskehelse rapporten for 2021 står det følgjande;

«Næringen har i dag økonomi til å holde ulike plager og sykdommer i sjakk gjennom kortsiktige og symptomatiske tiltak, men disse bidrar ikke til å sikre et framtidig robust liv.»

I det vidare planarbeidet vil det vere viktig å avklare kva areal som kan vere aktuelle for akvakulturføremål, som blant anna krev at ein ser på om det er areal avsett til andre bruksinteresser som ikkje lenger er i bruk. For å sikre framtidig utvikling og behov til akvakulturnæringa må ein legge til rette for fleksible areal, moglegheiter til å prøve ut ny teknologi og oppdrett av andre artar eller integrert akvakultur med oppdrett av til dømes lågtrofiske artar saman med laksefisk.


5.8. Forureining og utslepp

Vassføreskrifta set rammer for miljømål med fristar for alt vatn i Norge, og er Norge si gjennomføring av EU sitt vassdirektiv i norsk regelverk.

Alle vassdrag, fjordar kyst er delt inn i vassførekomstar. Miljøtilstanden er vurdert for alle vassførekomstar. Vassforskrifta sett krav om minst god økologisk og kjemisk tilstand for alle vassførekomstar innan 2027. Det er høve til å få utsett frist til å nå miljømålet innan 2033, eller å få eit unntak om å nå miljømålet dvs. vassførekomsten får eit lågare miljømål enn standard miljømål.

Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion (2022-2027) gir oversikt over miljømåla i vassregionen og tidspunkt for når miljømålet skal vere nådd. Detaljane om den enkelte vassførekomst ligg i databasen vann-nett.no. Her finn ein t.d. informasjon om miljømål, utsett fristar og tiltak for å nå miljømålet for den enkelte vassførekomst.

Planen omfattar eller grenser til 61 større og mindre kystvassførekomstar (tabell 1) b). Av desse har 26 dårlegare enn god økologisk tilstand, medan 14 vassførekomstar har dårleg kjemisk tilstand, i følgje vann-nett (Tabell 21). 45 vassførekomstar har udefinert kjemisk tilstand, dvs. det manglar datagrunnlag til å sette kjemisk tilstand.



Figur 12: Kart over økologisk tilstand og kjemisk tilstand for vassførekomstane i Nordhordlandsområdet (vann-nett.no)

Forureining til sjøområda i Nordhordland kan grovt delast i:

- Tilførslar av nærings salt og organisk materiale som kan føre til eutrofiering og låge oksygenkonsentrasjonar i sjøområda
- Tilførslar av miljøgifter
- Anna relevant forureining er tilførslar av mikroplast, samt lys og lydforureining

Tilførsel av nærings salt til sjø gjennom vassdrag og avrenning frå land stammar både frå naturleg avrenning og menneskeskapte tilførslar frå befolkning (avløp), industri, jordbruk og akvakultur. I perioden 1990-2017 er det estimert at menneskeskapte fosforutslepp har gått frå om lag 80 % til over 95 % av fosfor utsleppet i vassregion Hordaland, og akvakultur har vore den største bidragsytaren

gjennom perioden med ei auke frå ca. 50 % til 85 % av totalen (basert på tal frå Guerrero & Sample 2021). Estimerte verdiar for bakgrunns-utsleppet av nitrogen var høgare, og mellom 1990 til 2019 har menneskeskapte nitrogenutslepp gått frå knapt 30 % til ca. 65 % av totalutsleppet i 2019. Dei siste 10 åra har akvakultur vore den største bidragsytaren med mellom 45-54 % av totalutsleppet (basert på tal frå Guerrero & Sample 2021).

Miljøgifter omfattar tungmetall og ei rekkje organiske stoff som kan bli spreidd til sjø blant anna frå industri, forureina grunn, søppelfyllingar, akvakultur, avløp, båthamner og ankringsområder. Området med høgast industritettleik er Mongstad på sørsida av Fensfjorden, og ved Sløvåg på nordsida av Fensfjorden. Elles ligg industrien relativt spreidd i området.

Fleire framandstoff/miljøgifter kan potensielt komme ut i miljøet frå oppdrettsverksemd. Råstoff som vert brukt i forproduksjon kan innehalde kvikksølv, arsen, kadmium, kopar og sink, samt organiske miljøgifter som PCB, dioksin, furaner, klorerte pesticider og bromerte flammehemmarar. Små mengder kopar og sink vert også tilsett fiskefôr for å gje god tilvekst. Kopar vert også brukt i notimpregnering for å forhindre groing av marine organismar blant anna blåskjel og sjøpung, og dette er den største kjelda for spreiding av kopar frå oppdrettsverksemd. Oppdrettsverksemda stod i 2016 for 85 % av utslepp av kopar til norske kystområde (Grefsrud mfl. 2021) og estimert utslepp av kopar i produksjonsområde Nordhordland til Stadt er 26 kg per km² (Grøsvik m fl 2021).

Dei større vassførekomstane Sørfjorden, Osterfjorden, Lurefjorden og Masfjorden er alle terskla og har i periodar låge konsentrasjonar av oksygen i botnvatn, som kan føre til død av botnlevande organismar. I desse områda bør tilførslane av organiske materiale og nærings salt avgrensast for å forhindre auka oksygenforbruk frå nedbrytingsprosessar. I mindre pollar og våger som har tersklar bør også tilførslar av organisk materiale avgrensast. Tolegrensa til slike sjøområde er lågare enn i opne fjordområde eller ytre kyst.

Det er eit miljømål at alle vassførekomstar etter Vassforskrifta skal ha god økologisk og god kjemisk tilstand. Planområdet er eit område som har mykje bruk og påverknad frå industri, skipstrafikk, akvakultur, som er viktige næringer for dei fleste kommunane. I tillegg kjem det tilførslar til sjøareala frå kommunale avløp og deponi. For enkelte fjordområde vil det til dømes vere behov for ny teknologi, anna drift eller minimale utslepp av ulike tilførslar for å sikre miljømåla for vassførekomstar og eit økosystem i balanse.

I Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022–2027 står der følgjande;
«Urovekkande mange vassførekomstar i sjø har dårleg kjemisk tilstand pga. av miljøgifter.»

Tapt fiskereiskap kan vere eit betydeleg problem som kommunane bør sjå på saman med sektormyndigheit.

5.9. Infrastruktur til sjøs

Innanfor planområdet finn vi både lokale interesse, til dømes private hamner og fiskeri, men og verksemd av nasjonal interesse og hovudfarlei og bilei for skipstrafikk. Fensfjorden er ein av dei mest trafikkerte områda i landet.

Staten ved Kystverket har forvaltningsansvar for farleisystemet. Ytst i planområdet, i Fedjefjorden går hovudlei for skipstrafikken langs Vestlandet. Her er omfattande skipstrafikk, både knytt til olje- og gassverksemda på Mongstad og Sløvåg, varetransport (stykkgoods), fiskefartøy, passasjerskip og andre aktivitetar. Farleisystemet definerer «motorvegane» for denne trafikken. Hovudfarlei går i Fedjefjorden og det går også hovudlei inn Fensfjorden til Sløvåg og Mongstad. I Gulen kommune går det hovudlei inn Sognesjøen forbi Oppedal. Dei øvrige fjordane har stort sett bilei inn mot viktige hamner.

Knytt til farleiene er det eit stor tal navigasjonsinnretningar som fyrlykter, stakar, lanterner mv. Desse legg til rette for trygg ferdsel. I KU og ROS må det sikrast at tiltak ikkje sperrar siktelinene til desse signalsystema.

Ankringsområde er også del av nasjonale og regionale interesser. Dette er område kor mellom anna offshoreinstallasjonar vert ankra opp.

Forsvaret har skyte- og øvingsfelt i Hjeltefjorden og Mangersfjorden.

Under tema infrastruktur er det kartlagt kvar infrastruktur i sjøområda eller for transport på sjø er lokalisert. Dette er i hovudsak kablar og røyrleidningar i sjø. I planområdet ligg kablar og røyrleidningar av høg verdi, mellom anna oljerøyrleidningar i Fensfjorden og gassrøyrleidningar i Fedjefjorden og Fensfjorden. Dette set grenser for kor og kor mykje ein kan etablere eller utvide ny verksemd i sjøareala.

6. Føresegn i planforslaget

Føresegnene er utarbeidd etter rammene i plan og bygningslova og vil vere juridisk bindande for bruk og vern av sjø og vassdrag. Det er dei einskilde kommunestyra i kvar kommune som har mynde til å gjere vedtak om arealbruk. IKP SJØ styrer korleis sjøareala i dei åtte deltakande kommunane skal brukast og vernast, og kva omsyn som skal ivaretakast ved disponering av areala, jf. pbl. § 1-2. Planområde er avgrensa til å gjelde sjø, men bruk og vern må sjåast i samanheng på begge sider av flomålet.

Tilhøve til vedtekne reguleringsplanar er omtalt i føresegna pkt. 1.4 og 5.1.1:

- Reguleringsplanar (Område- og detaljplanar) som fullt ut ligg i sjø vert supplert av IKP sjø og er vist i plankartet
- Reguleringsplanar som gjeld både for land- og sjøareal vert det ikkje tatt stilling til i dette planarbeidet. Planavgrensinga i IKP SJØ er satt til omriss av vedtekne reguleringsplanar.

Kulepunkt 2 gjeld den 3-delte vurderinga om gjeldande reguleringsplanar skal gjelde fullt ut som såkalla H910-plan, om planen skal supplerast av overordna plan (KPA) og vert omtala som ein føresegnplan eller om gjeldande plan skal opphevast. Dette er noko ein etter og med Statsforvaltar er samd om skal gjerast under arbeid med (revisjon) av kommuneplanens arealdel for landareal. Krav om reguleringsplan gjeld som utgangspunkt ikkje for akvakulturanlegg..

Føresegnene set generelle rammer og retningslinjer for korleis sjøarealet skal forvaltast. Det er krav om at tiltak som gjennomførast i planområdet ikkje skal føre til forverring av miljøtilhøva – kap. 2.3.2

«Marine naturtypar¹ og leveområde for sårbare¹ arter skal takast omsyn til, og gjennomføring kan ikkje tillatast utan dokumentasjon på at tiltaket ikkje bidreg til forverring av tilhøve for naturtypane og leveområde og deira verdi eller økologiske funksjon, jf. pbl. § 11-9, nr. 6 og NMFL §§ 7 – 12.»

Føresegna kap.3 gjer rammene for bruk og vern av hovudføremålet sjø og vassdrag samt i naudsynt grad og så langt det passer for bruk av sjøareal for føremåla «Busetnad og anlegg» og «Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur.»

Kap. 4 omtaler ulike omsynssonene og kap. 5 gjer greie for føresegnsområde.

7. Skildring av planforslaget

Kommuneplanen sin arealdel skal i nødvendig utstrekning vise arealformål som er angitt i plan- og bygningsloven § 11-7, hovudformål nr 1 til 6. Hovudformålet nr.6 gjeld «bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone». Dette kan igjen inndelast i underformåla ferdsle, farlei, fiske, akvakultur, naturområde og friluftsområde, handterast kvar for seg eller i kombinasjon. I tillegg opnar kartforskrifta for bruk av underformåla hamneområde og småbåthamn. Arealformål vil, med mindre føresegna angir noko anna, gjelde på vassflata, i vassøyla og på sjøbotnen.

Dette kapitlet gir ein samla oversikt over arealformåla som inngår i planen. Framlegg til ny og endra arealbruk er omtalt i kap. 7 og grunngjevinga ligg i konsekvensutgreiinga.

Planforslaget består av desse fire hovuddelane:

- Planskildring
- Konsekvensutgreiing (KU) og Risiko og sårbarheits analyse (ROS)
- Plankart
- Føresegn

Det er ei samstilling av gjeldande føresegn for 8 kommunar, samstundes som gjeldande krav og oppdatert kunnskap er ivaretatt.

7.1. Hovudformålet - Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone – (V) (SOSI 6001)

Alle underformåla, også akvakultur, inngår i hovudformålet. Dersom det ikkje er angitt underformål, seier loven at det i nødvendig utstrekning skal verte gitt føresegner som klargjer vilkåra for bruk og vern av areala.

7.2. Ferdslø (FE) (SOSI 6100)

Areal til ferdsle er områder som er prioritert for sjøferdsel som ikkje er gjennomgåande. Det omfattar alle typar av ferdsel på vatn og sjø knytt til offentleg, privat og kommersiell verksemd som nytte- og fritidstrafikk m.m. Områda kan også nyttast til oppankringsformål etter nærare avklaring.

Underformål her er:

- 6110 Ankring

7.3. Farlei (FA) og hamneområde i sjø (SOSI 6200)

Farleiene er trafikkareal og sjøens motorveg, og sjøfart er sterkt prioritert. Leiene er definert som hovud- og bilei og vist som stipla line i plankartet. Det skal mellom anna ikkje vere ankringsareal innafor området. Farlei i denne planen omfattar nærare angitt seglingsled for vatn og sjøtransport i tronge og trafikkerte farvatn der det er viktig at skipsfart har prioritet. Inn- og utseglingsled for hamner er også satt av som farlei. Øvrige farleier er visualisert ved å kartfeste farleier (SOSI 1161) i samsvar med Kystverket sin database.

7.3.1. Hovud og bilei (LED) (SOSI 6211)

Areal satt av til hovud- og bifarlei omfattar viktige område for båttrafikk og kabelferje. I plankartet er dei vist som stipla linjer (svart) og er juridisk bindande.

I eller i nærleik av hovud- og bifarlei kan det ikkje gjerast tiltak, etablerast anlegg eller installasjonar som er til hinder eller fare for ferdsle til sjøs

7.3.2. Hamneområde i sjø (HOS) (SOSI 6220)

Hamneområde er område for fartøy som skal laste eller losse gods, transportere passasjerar, eller har behov for landings- oppankrings- eller liggeplass. I desse områdene er det restriksjoner for allmenn bruk.

7.3.3. Småbåthamn (SH) (SOSI 6230)

Småbåthamn er anlegg av allmenn karakter der infrastruktur, tilkomst og organisering er tilrettelagt og gir sikker fortøying av båtar inntil 40 fot. Småbåthamner satt av i gjeldande planar er ført vidare.

Det er viktig at småbåthamner har tilstrekkeleg landareal og moglegheit for veg, vatn og straum. Slike avklaringar ligger utanfor målsettinga til dette planarbeidet og bør gjerast i samanheng med arealplandelen for land.

7.3.4. Bøyehamn (BØH) (SOSI 6240)

Det er eit større ankringsområde i Fensfjorden.

7.4. Fiske, låssetting og gyteområde (FI) (SOSI 6300)

Avsetting av arealformål for fiske er delt i fire kategoriar - fiske, kaste og låssetting, rekestrål og gyteområde. Det er viktig å beskytte område som er spesielt viktig i forhold til hausting av viltlevande marine ressursar mot andre inngrep. Fiske er ikkje avgrensa av eller til disse områda, men er ein markering av prioritert arealbruk. Dette er område som ikkje skal nyttast til andre formål som fortrengrer fiske. Fiske forvaltest av lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressursloven).

I plankartet kan området med desse interessene visast som omsynssone eller formål. To av kommunane (Austrheim og Fedje) i planområdet har brukt omsynssone. Det er ønskeleg med lik framstilling i heile planområdet og difor er det valt at desse fire kategoriane vert vist med formålet Fiske (FI).

7.5. Akvakultur (AKV) (SOSI 6400) og kombinert formål – Akvakultur og ferdslø (AF) (SOSI 6800)

Tildeling av akvakulturlokaliteter har som føresetnad at kommunen har avsett areal til slikt formål i kommuneplanen sin arealdel. Det er klare politiske nasjonale og regionale føringar med ønske om auka oppdrettsverksemda (Nærings- og fiskeridepartementet – Et hav av muligheter). Samstundes er det krav om ein berekraftig vekst med fokus på miljø og fiskehelse.

Føremålet er område for akvakultur i sjø inkludert vassøyle og sjøbotn. I akvakulturområde går akvakultur framfor annan bruk av området. Tiltak som kan hindra eller forstyrre akvakulturverksemd, skal ikkje tillatast på eller i nærleiken av områda.

Innafor planområdet er det mange små lokalitetar som har vore i drift lenge. Derfor gjeld manga av innspela utviding av eksisterande areal for å få til meir hensiktsmessig drift. Det er nokon innspel som gjeld nye areal. Ved utviding av arealet er det i KU ikkje lagt til grunn at der skal skje ein produksjonsauke. Eventuell auke i produksjonen vert handtert av anna regelverk.

Høg produksjon frå før av og miljøutfordringar og lite tilgjengeleg areal gjer at det er få framlegg om nye areal som skal settast av til akvakultur. Sjå KU og kap. 0. for nærare omtale.

Planområdet har stor variasjon i lokalitetar og kva som er utfordringane, det går frå indre fjordstrøk til meir opent hav. Dei ulike økologiske og topografiske forholda i sjø varierer mykje og det gir eit samansett bilete av miljøforholda og verknad på omgjevnadane. Det gjer at vurderinga av den samla belastninga på og i eit fjordsystem og verknad knytt til den einskilde lokalitet er utfordrande og kompleks.

Det er ein nasjonal forventning om at planen skal ta omsyn til utvikling av ny teknologi. Ulike former for drift og teknologi tilpassa til den enkelte lokalitet og vassførekomst kan vere med å betre desse utfordringane. Dette viser at ein arealplan på tvers av kommunegrensene kan vere eit viktig verktøy, men ein arealplan har sine rammer for kva den kan løyse. I «Veileder for planlegging i sjøområdene» står det følgjande;

«Kommunene kan sette krav om «miljøkvalitet, estetikk, natur og landskap», jf. pbl. § 11-9 første ledd nr. 6. Slike krav skal være overordnet og ikke ha form av konkrete bestemmelser om drift og teknologiske innretninger på det enkelte akvakulturanlegg.»

Om det skal opnast for meir oppdrett, må ein forutsette at det for ein stor del må skje ved bruk av ny teknologi med lukka merdar, sidan samla belastning på vasskvalitet og vasslevande arter, både marine-, anadrome- og ferkvassarter, kan bli for stor. Det vert lagt til grunn at ny oppdrettsteknologi vil erstatte den tradisjonelle merdteknologien som vert nytta i dag. Til dømes lukka system som gjer at problema med lakselus, fiskesjukdommar, rømming, organisk materiale, tungmetall etc. vil bli redusert monaleg.

Føresegnene til planen bidreg til å underbygge dette og stimulere til positiv endring:

- I dei generelle føringane om miljøkvalitet og natur er det gitt at alle tiltak innafør planområdet må følgje dei til ein kvar tid gjeldande krav til vasskvalitet og miljømål jf. Vassforskrifta og omsyn til villaksen som følgjer av kvalitetsnorma for villaks og § 7 i lakse- og innlandsfisklova. Sjå kap. 2.3
- Med bakgrunn i at nasjonale miljøstandardar alt er overskridne innafør planområdet sine sjøareal gjeld særskilt for akvakultur at tiltak etter særlover berre kan tillatast dersom aktiviteten kan skje utan forverring av miljøtilstand. For eksisterande anlegg gjeld dette berre ved søknad om vesentleg endring av anlegg (pbl. §11-9, nr. 6). Sjå kap. 3.2.9.

Planforslaget har rammer for tiltak som kan betre miljøtilhøva:

- Utviding/ending av areal på eksisterande lokalitetar gir rom for betre tekniske løysingar som og kan gi positiv effekt for miljø og fiskehelse

- Strukturelle endringar der gamle og dårlege lokalitetar går ut og vert erstatta av ein større lokalitet
- Planen sitt formål om og ikkje forverre miljøtilstand og føresegna sine miljøkrav knytt til vasskvalitet og miljømål.
- Kommunen kan stille krav om reguleringsplan

Arealformålet akvakultur (AKV) omfattar alle typar av oppdrettsanlegg, skjellfarmar og liknande, dersom ikkje noko anna er vedteke. Føresegna kan angi kva former for oppdrett og arter som er tillate. Det er lagt opp til tre hovudkategoriar:

- Lokalitetar der all type oppdrett er lov
- Lokalitetar der anadrom laksefisk er ekskludert.
- Lokalitetar for tare og skjell


Utforming i plankart – akvakulturanlegg og fortøyingsområde

Føremålet er område for akvakultur i sjø inkludert vassøyle og sjøbotn. Verknaden av eit akvakulturanlegg er langt meir enn berre det ein ser på overflata. Dette gjeld særleg ankerfeste og ikkje minst det arealet som vert bandlagt av fortøyingane. Dette er mykje diskutert i planprosessen og areal eller ei vassøyle med fortøyingar gir restriksjonar for anna bruk som til dømes fiske.

Dette tilhøvet er utfordrande å syne i plan da ein på planlaggingsstidspunktet ikkje har tilgang til vurderingar eller det ikkje er gjort vurderingar knytt til ankringstilhøve. Det er fyrst ved søknad knytt til sjølve anlegget at tilhøve til forankring vert vurdert konkret.

I dette planframlegget har ein følgd rettleiar og vist ankringsområde som kombinert føremål. Dette gjeld berre for nye område for akvakultur og der det er gjort vesentlege endringar som er tatt inn i plan. Som utgangspunkt er det gjort eit grovt anslag og område for fortøying som er vist kjem fram på grunnlag av tilhøvet 1x3, der 1 er djupna til botn under det avsette arealet. Det er satt ei grense på 750 m når djupna er meir enn 250 m.

Dette er vist prinsippkisse henta frå rettleiar om planlegging i sjøområda.



Figur 13: Prinsippkisse som viser areal satt av til akvakultur (VA) og kombinert formål med fortøyning (AKV), kjelde retteliar for planlegging i sjø

7.6. Naturområde (NO) (SOSI 6600)

Omfattar område i sjø og vassdrag der inngrep og tilrettelegging er sterkt avgrensa for å bevare viktige naturverdiar. Avsett område er kome fram gjennom kartlegging, og omfattar område med svært viktige førekomsttar av naturtypane stortareskog, ålegrasenger og blautbotnsområde. Dette er svært viktige og artsrike naturtypar, som er viktige for både dyre- og fuglelivet i området. Bevaring av områda er svært viktig for ein berekraftig utvikling. I tillegg til formålsområde er det også satt av omsynssoner og føresegnssområde for natur.

7.7. Friluftsområde (FV) (SOSI 6700)

Omfattar område i sjø og vassdrag der inngrep og tilrettelegging er sterkt avgrensa for å bevare kvalitetane ved viktige friluftsområde. Det er unntak for inngrep som omfattar tilrettelegging for ålmenta. Områda som er satt av til dette formålet er som regel knytt til viktige friluftsområde på land og statleg sikra friluftsområde, men gjeld også enkelte sjøområde av særleg stor verdi for friluftslivets kvalitet. I tillegg til formålsområder er det også satt av omsynssoner for friluftsliv.

Friluftslivets naturgrunnlag og ålmenta sin rett til ferdsel og opphald i naturen er sikra gjennom friluftsløva. Allemannsretten er gjerne knytt til retten til fri ferdsel i skog og mark. Men også til sjøs er allemannsretten grunnlaget for båtliv og fritidsaktivitetar. Friluftsliv som helsefremmande og trivselsskapande aktivitet reflekterer nasjonale føringar for folkehelsa som må vektleggast i arealplanlegginga. Dette er gjort ved å sikre verdifulle areal for friluftsliv gjennom å avsette spesielt viktige areal som friluftsområde/omsynssoner, og gjennom å ta omsyn til kjent bruk i planleggingsarbeidet (konsekvensutgreiinga).

7.8. Busetnad og anlegg (SOSI 1000)

7.8.1. Råstoffutvinning – skjelsand (RU) (SOSI 1200)

NGU har kartlagt skjelsandressursane og det er relativt store mengder skjelsand i ytre delar av planområdet i kommunane Alver, Fedje, Austrheim og Gulen.

Det følgjer av plan- og bygningslova at kommuneplanen sin arealdel i nødvendig utstrekning skal vise areal til råstoffutvinning. Det skal i nødvendig utstrekning også visast omsynssone mineralressursar.

Sentrale retningsliner på saksfeltet seier at uttak av massar (skjelsand, sand og grus frå sjøbotnen) skal gå føre på ein slik måte at det ikkje blir til hinder eller ulempe for ferdselen på sjøen, det alminnelege fiske, fugle- eller friluftslivet i området. Spesielt skal det sjåast til at verksemda ikkje skadar fisk som står i merdar eller som er låssett. Dersom opptaksområdet grensar mot viktige gyte- og oppvekstområde for villfisk eller område med spesielle naturvern- eller friluftssinteresser som t.d. verneområde, statleg sikra friluftsområde, havstrand- eller våtmarksområde, skal det utvisast særlege omsyn under drifta.

Det er lagt til grunn at avgjerd om konsesjon skal skje etter ei skjønsmessig vurdering, kor fordelane med tiltaket vert vurdert opp mot dei ulemper det vil medføre, og lova sitt formål set rammer for kva omsyn ein kan vektlegge i den samanheng. Søknader om løyve til uttak av skjelsand skal blant anna leggjast føre kommunen der førekomsten ligg, og fylkeskommunen må forhalde seg til kommunen sine planar. Uttak av skjelsand vil vere søknadsplichtige tiltak i kommunane etter pbl § 20-2, då tiltaka i praksis vil innebere «vesentlege terrenginngrep» (pbl § 20-1 bokstav k). Sidan dette er ein eigen naturtype vil uttak av skjelsand som oftast gi ein «raud KU». Sett i forhold til førekomstane av skjelsand i regionen er det lagt opp til ein forsiktig bruk av ressursen.

7.8.2. Andre typar bygg og anlegg (ABA) (SOSI 1500)

Føremålet gjeld eksisterande areal i planområde sett av til småbåtanlegg (ABA) med tilhøyrande anlegg. Areal er oftast knytt til eller har nær samanheng med område for bustadar, fritidsbustadar eller naust og bruken er avgrensa til nærliggande/tilhøyrande eigedomar. Område for småbåtanlegg er ofte planlagt eller etablert i ein reguleringsplan som gjeld bustad eller fritidsbustad og strekk seg frå land og ut i sjø, jf. pbl. §11-9 nr.1. Småbåthamn/marina (SH) er større anlegg, sjå pkt. 7.3.2.

Tilhøyrande anlegg i denne samanheng kan mellom anna vere (mindre) båtopptrekk, lagringsplass (naust/fellesnaust), parkering o.l. på land. Ved planlegging eller etablering av tiltak skal det gjerast

naudsynte tiltak som sikrar at småbåtanlegga ikkje tek skade ved naturhendingar (sterk vind, stormflo, ras ol.).

Storleiken på området og talet på båtplassar er knytt til talet på nærliggande/tilhøyrande eigedomar. Omfang og funksjon kan verte av ein slik art at det kan vere naudsynt med eigen plan og eiga vurdering (her under KU) som skal gjerast om talet på båtplassar overstig 20. I plankartet er sjøarealet for desse områda vist (ABA) og føresegna gjer tydeleg stad og om området er teke i bruk.

7.9. Område med kombinerte føremål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsoner (VK) (SOSI 6800) Friluftsområde (FV) (SOSI 6700)

Sjøareal som er merka med påskrift NFFF er allmenne fleirbruksområde som kan nyttast til natur, ferdsel, fiske og friluftsliv. Ingen av underformåla er gitt særskilt prioritet i desse områda. Akvakultur er det ikkje løyve til.

Vassdrag er svært viktige for naturmangfaldet, og bekke- og elveutløp er særleg viktige. Sjøareal som er merket NF er områder der underformåla NF (natur og friluftsliv) er gitt prioritet. Dette gjelder utløpet av anadrome vassdrag, områder som er svært viktige for naturmangfald og fritidsfiske etter laks.

7.10. Område knytt til landformål

Planen gjeld for sjøareal og har ei plangrense som går ved middel lågvatn. For aktivitet som skjer i randsona mellom sjø og land, er dette ei kunstig avgrensing. I dei tilfella der landformål og reguleringsplanar på land strekker seg ut i sjø viser me til eksisterande arealplan eller reguleringsplanar i den enkelte kommune. Vert ikkje gjort ei vurdering av den enskilte reguleringsplan som ligg både i sjø og land, det vil skje ved revisjon/rullering av kommuneplanen sin arealplan for land.

7.11. Omsynssoner

Omsynssoner viser til omsyn og restriksjonar som har betydning for bruken av eit område, i tillegg til og uavhengig av arealformålet. Det kan knytast føresegner til omsynssoner, inkludert forbod som er nødvendig for å hindre skade og tap. Det kan også vere retningslinjer om kva omsyn som skal vektleggast ved praktisering av anna lovgjeving så langt kommunen er tillagt mynde etter vedkomande lov. Områder med fare, risiko eller sårbarheit er markert av i planen som omsynssoner.

3GH HØYRING

8. Konsekvensutgreiing og verknad av planforslaget

8.1. Konsekvensutgreiing – metode og grunnlag

Konsekvensutgreiinga er laga med utgangspunkt i nasjonale, regional og lokale målsettingar og styringsdokument. Ein areal plan er på eit overordna nivå, og utgreiinga skal bygge på kjent kunnskap. Ved seinare utarbeiding av område- eller detaljregulering, eventuelt konsesjonsbehandling, kan det vera naudsynt å kartlegga ny kunnskap, eller å få fram tilhøve som ikkje er kjent i dag. Det er likevel lagt vekt på fagkunnskap i dei tilfelle der ein ser at det potensielt er stor fare for at viktige verdiar vil kunne gå tapt.

Metodikken for konsekvensutgreiinga har tatt utgangspunkt i rettleiar T-1493 for konsekvensutgreiingar. Konsekvensen er eit resultat av den verdien ny arealbruk eventuelt er i konflikt med, og i kva grad den nye arealbruken vil ramme verdiområdet (påverknad). Konsekvensutgreiinga skal ikkje berre vise verknaden endringa kan ha innanfor sjølve innspelsavgrensinga, men også for eventuelle verdiområde rundt (innspelet har eit influensområde som kan vera vesentleg større enn innspelet i seg sjølv).

Risiko- og sårbaranalysen har hatt som mål å identifisera uønskte hendingar slik at ein unngår eller reduserer tap av liv og helse eller materielle verdiar og infrastruktur. Vurderingane er gjort i fem trinn, i tråd med metodikk som er skildra i DSB sin rettleiar for ROS-analysar (2017).

For akvakulturanlegg er det lagt til grunn tradisjonell produksjonsmåte sjølv om det for fleire av innspelsområda går fram at intensjonen er ei meir miljøvenleg drift. For at konsekvensutgreiinga skal kunne legge til grunn miljøvenleg drift må dette ha ei forankring i føresegner.

For akvakulturanlegg som søker arealauke utan produksjonsauke, så er dette lagt til grunn for vurdering av arealutvidinga. Dette vil i dei fleste tilfelle gje små utslag i konsekvensutgreiinga, sidan det er produksjonsauke som oftast kan slå uheldig ut for t.d. naturmangfald. Dersom det skulle vise seg at det likevel blir produksjonsauke i dei omsøkte utvida areala, så fell eit premiss i konsekvensutgreiinga. Normalt vil konsekvensen då vere høgare enn vist her.

I vurderingane har ein lagt til grunn gjeldande kommuneplanar, og ein har vurdert den juridiske endringa etter plan- og bygningsloven. Det betyr at der det omsøkte innspelsområdet omhandlar eit anlegg eller tiltak som allereie er etablert, så har ein sett bort frå at det faktisk finst, men gjort merknad om at tiltaket allereie er gjennomført.

Konsekvensutgreiinga og risiko- og sårbaranalysen er laga som ledd i prosessen med å utvikle planen, og som viktig verktøy for å avdekka tilhøve som er viktige for det endelege plangrepet og

«sluttproduktet». I dei tilfella der planen har gjort tilpassingar som følgje av funna, så er desse summert opp til slutt i KU/ROS-utgreiinga. Alle vurderingar er basert på kjent kunnskap i offentlege register, og opplysningar frå kommunane. Få av kjeldene er komplette og kvaliteten og alderen på data kan variera. Kunnskapsgrunnlaget skal stå i rimeleg høve til plannivået, og det er trong for meir detaljert kunnskap ved til dømes ein reguleringsplan.

Det vil alltid vera ein grad av usikkerheit knytt til risikovurdering. Tilgang på relevant kunnskapsgrunnlag i form av til dømes statistikk og erfaring frå tilsvarende situasjonar, vil kunne påverke usikkerheit. For ein del typar hendingar, inkludert hendingar der sannsyn vert påverka av klimaendringar, vil det også vera usikkert i kva grad historiske data kan nyttast for å seia noko om framtida.

Naturmangfaldlova § 7 seier at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig mynd. Fleire av dei miljørettslege prinsippa set, på eit overordna nivå, føresetnader og føringar for konsekvensutgreiinga, mellom anna krava til kunnskapsgrunnlaget, skildring av påverknader, samla belastning, vurdering av føre-var prinsippet og kompensierende og avbøtande tiltak. Denne planen er overordna og utgreiinga skal så langt som råd er byggje på kjent kunnskap. Ved seinare planlegging og søknadsprosessar, vil det kunne vere behov for å kartleggje ny kunnskap, dersom verknad av det aktuelle tiltaket ikkje er tilstrekkeleg kjent. I område der kunnskapsgrunnlaget vert vurdert som svakt med tanke på vurdering etter naturmangfaldslova, vert ny kunnskapsinnhenting tilrådd før utbygging kan tillatast.

8.2. Konsekvensutgreiing - arealinnspel – prosess – avbøtande tiltak

8.2.1. Grunnlag for KU og ROS

Det utarbeida «Kunnskapsgrunnlaget» er saman med informasjonen i dei mottekne innspela grunnlaget for KU og ROS. Med dette utgangspunkt og den skildra metoden er alle innspela vurdert. Basert på metoden for KU er innspela kategorisert i nivå av konfliktgrad (grøn, gul, raud) i høve til ulike fagtema og risikovurdering. Dei innspela som er med i planforslaget no i 3GH er fordelinga vist i tabellen under.

Tabell 7: Oversikt over innspela – som er med planforslaget i 3GH

Samla vurderingar av enkeltinnspel		
12	13	12
Ingen eller få kjente vesentlege konsekvensar eller moglege konflikhtar. Etter ei samla vurdering på tvers av alle tema vert innspelet tilrådd.	Middels konsekvens / noko konfliktpotensial / moderat måloppnåing for enkelte tema. Etter ei samla vurdering av alle tema vert konfliktgraden og utfordringa vurdert til å vere for høg til at innspelet kan tilråddast.	Klar negativ konsekvens / stort konfliktpotensial og/eller låg måloppnåing og/eller uakseptabel risiko for eitt eller fleire tema. Etter ei samla vurdering, der eitt eller fleire tema kan vere tungtvegande, vert innspelet ikkje tilrådd.

8.2.2. Nærare vurdering og avbøtande tiltak

Metoden for konsekvensutgreiing er todelt. Den eine delen gjeld ei vurdering av innspelet sin verknad for ulike fagtema som landskap, naturmangfald og kulturmiljø mm. Den andre delen er retta mot tilhøve knytt til risiko og sårbarheit og konklusjon for innspelet bygger på desse to ilag.

Begge delar krev fagleg vurdering, men der ein med til dømes naturfagleg kompetanse kan vere meir skjønsmessig, kan tilhøve knytt til ulukkesrisiko og farlei vere meir teknisk retta. Med teknisk retta meiner med her at i høve til farlei er det grenser i kart og navigasjonsinnretningar og halde seg til.

Med utgangspunkt i gjeldande arealplanar innanfor planområde, kunnskapsgrunnlag og KU-vurderinga ønska prosjektet å sjå nærare på dei innspela som havna i kategori gul og raud. Var det noko ved innspela, vilkår satt for KU vurderinga eller til dømes lokalkunnskap som kunne gjere at innspel kunne vurderast med eit anna blikk.

Med dette «justerte blikket» vart det difor gjort ein gjennomgang av alle innspela som i fyrste omgang havna i kategori gul og raud. Har ein verktøy eller avbøtande tiltak som kan endre kategorisering eller konklusjonane i KU. Følgjande avbøtande tiltak er prøvd mot dei ulike innspela:

- a) Endringa av arealinnspelet
- b) Plankrav
- c) Omstrukturering – betre lokalitet enn gjeldande i høve til akvakultur
- d) Andre forhold

a) Endring av arealinnspelet

I metoden som er brukt for KU og ROS er det eit vilkår at arealinnspel som kjem inn i det område som er definert som «Farledsområde» vert kategorisert i raud sone.

Kunnskapsgrunnlaget syner oss at mange eksisterande område for akvakultur går inn i farledsområde og spørsmålet er om vilkåret satt for KU og ROS er for strengt.

Med denne bakgrunnen er det gjort ei vurdering av teknisk karakter av alle aktuelle innspel. Saman med Kystverket og kommunane har ein sett på om arealjustering som avbøtande tiltak vil påverke konklusjonane i KU og ROS. Vil slik justering gje grunnlag for å ta innspel med i framlegget til plan. Kystverket sin medverknad og signal er å sjå på som førebels tilbakemelding, men har bidrege til at konfliktgraden i høve til farledsområde i ROS er redusert og påverkar med det konklusjonane for fleire av innspela.

b) Plankrav

For ein del innspel og område ser ein at dette planarbeidet og det plannivået vi er på gjev ramme og vilkår for vidare arbeid. Det er slik sett vanleg at eit avbøtande tiltak er å stille krav om utarbeiding av reguleringsplan. Gjennom detaljplanarbeid vil ein nærare avklare utforming, påverknad og konsekvens for omgjevnadane ved gjennomføring av aktuelle tiltak. For aktuelle innspel er denne vurderinga gjort og plankrav er fremja som avbøtande tiltak for at innspelet er tatt inn i framlegg til plan.

c) Omstrukturering – betre lokalitet for akvakultur

I planområdet er det fleire eldre og mindre område satt av til formål akvakultur. For å betre mellom anna fiskehelse og driftstilhøve kan omstrukturering vere eit avbøtande verkemiddel som kan vere nyttig. Framlegg om gjennomføring av slikt tiltak synast i utgangspunktet enkelt, men har gjennom prosessen og det grunnlaget som er samla vist seg utfordrande å gjennomføre av fleire grunnar.

Dette tiltaket synes mange og vere einige om ville vere nyttig sett både frå næringa og forvaltninga. I denne omgang er det tre døme på slik omstrukturering. Av dei lokalitetane som kjem i denne kategorien er konklusjonen for alle raud i KU og ROS, men basert på grunnlaget vi har samla sett og rammene for miljøtilhøve i føresegna bidreg dette til å betre situasjonen.

8.3. Arealinnspel som er med i planforslaget - 3. gongs høyring

Det er 67 ulike aktørar som har sendt inn merknadar til 1. gongs høyring (1GH) og til 2 gongs (2GH) høyring var det 35 ulike aktørar som sendte inn merknadar. Det har vore dialogmøte med Statsforvaltaren og regionale mynde og orientering i det interkommunale planutvalet. Alle merknadane er gjennomgått. Det var totalt 27 motsegn til planforslaget ved 1GH og ved 2GH var det totalt 10 motsegn. 8 av motsegna gjeld konkrete arealinnspel, der to gjeld det same arealet. Dei to andre motsegna gjeld:

- Statsforvaltaren – motsegn til føresegn
 - Føresegn er omarbeida

- Vestland fylkeskommune – Kulturminne som er bandlagt etter kulturminnelova (H730) er ikkje tilstrekkeleg integrert i planføresegnene og plankart
 - Tatt inn i plankart

Det er gjort ulike tiltak for å komme i møte dei ulike merknadane og motsegna ved å:

- Ta forslaget ut av planen
- Endre/juster på forslaget
- Kome med ny og oppdatert kunnskap om tiltaket

Mynde	Kva motsegnet gjeld	Endring i 3GH
Kystverket og Statsforvaltaren	4633-154 Hjeltevarden – areal til akvakultur	Ingen endring – arealet vart flytta i 2GH.
Fiskeridirektoratet	4632-158 Høggholmen – areal til skjelsand	Tatt ut av framlegget
Statsforvaltaren (SF)	4632-156-1 Øksnesmarka – kombinert formål akvakultur og hamn	Ingen endring
Statsforvaltaren	4634-151-1 – Ådnekvam – utviding av akvakulturområde	Område er vesentleg redusert
	4634-138-6 Totland – akvakulturområde som går ut i sjø	Ingen endring i framlegget – men sjå saksutgreiinga med grunngjeving
Statsforvaltaren	4634-129-1 Hosteland – småbåthamn	Arealet er redusert
Statsforvaltaren	4634-138-4 Solheim – småbåthamn	Arealet er redusert – krav om reguleringsplan er presisert

Etter dialogmøte med Statsforvaltar, samtale med involverte partar og diskusjon i det interkommunale planutvalet er det gjennomført ny samla vurdering av kva innspel som vert lagt fram i framlegget og kva eksisterande arealføremål som vert ført vidare.

Oppdraget for planarbeidet har vore å vurdere sjøareal, med avgrensing mot land. Det har i planarbeidet vore diskusjon om korleis planfaglege spørsmål som gjeld både sjø og land skal handterast. Etter dialogmøte med Statsforvaltaren skal nye innspel knytt til denne problemstillinga takast inn i arealplan for land i dei kommunane der arealplan er i prosess. Det er difor ein rekke innspel for nokre av dei deltakande kommunane som er overført til pågåande arbeid med arealplan for land. Dette gjeld for kommunane Alver og Gulen og nye forslag til areal til småbåt-anlegg/hamn er tatt ut av dette planforslaget. Forslaga vert «overført» til arbeidet med kommuneplan land. For dei

kommunane som ikkje er i prosess med arealplan for land er forslaga med i denne planen, det gjeld for Masfjorden og Modalen kommune.

8.3.1. Akvakulturområde

Strukturendring - akvakultur

I Austfjorden vert det gjennomført ein strukturendring for akvakultur. Det var i framlegget foreslått to alternative område. Ut frå ei samla vurdering er Einestrand – Sørkvingevågen (138-2) valt og tre område for akvakultur vert tatt ut av planen.

I 2GH vart det gjort eit tilsvarande grep i Radfjorden. Framlegget var å samle produksjonen på 2 lokalitetar, Grasholmen og Stolane. For å få til det måtte arealet utvidast noko på dei lokalitetane. Det gir også grunnlag for å kunne investere i ny og betre teknologi. Områda Bogno og Ramsvik vert tatt ut som AKV areal. Totalt sett vil det vere positivt for Radfjorden noko som også er omtalt i KU. Det er gjennomført ei konsekvensutgreiing på alle arealendringar i planen. Det er den totale verknaden som må vektleggast og den vil vere positiv for fjorden. Statsforvaltaren er positiv til dette i sin merknad til 2GH.

I 3GH vert det gjort eit tilsvarande grep ved at 4632-148-1 Austrheim – Senoksen er tatt med i forslaget. Lokaliteten var med i framlegget til plan ved 1GH. I 2GH var framlegget til tatt ut på grunn av merknad frå dei som har lokaliteten Trøvika om at lokaliteten ville komme for nær deira lokalitet. Det var ingen motsegn til Senoksen som lokalitet i 1GH. I merknadane til 2GH er det peika på at lokaliteten Trøvika har torsk som art og at Senoksen vil vere for laks. Dersom lokaliteten Senoksen vert realisert, skal lokalitetane – Allersholmen og Bøøyna takast ut. Totalt sett så vil dette gi ei betre løysing for området. Dette kan samanliknast med dei strukturendringane som er gjort i Radfjorden og Austfjorden som mellom anna Statsforvaltaren har sett på som positivt.

Areal til akvakultur som vert nytta i dag – tilpassing til eksisterande bruk og justering/flytting av areal

Det er noko areal som vert nytta til akvakultur og har konsesjon, men ikkje er med i gjeldande arealplanar. Det er naturleg at desse areala vert tatt inn i arealplan i samsvar med gjeldande bruk.

- Akvakulturlokalitet 13566 Storskrebukti – tilpassar arealet i arealplan til slik det vert nytt no i dag.
- Akvakulturlokalitet 11738 Oterholmen – er nytta som lokalitet sidan 1994. Vart tatt ut av kommuneplanen for Radøy. Fekk seinare dispensasjon til drift. Naturleg at det vert lagt ut som AKV område i arealplan.

- Akvakulturlokalitet 13874 Fyllingsnes (148-3) – er forslaget er å flytte lokaliteten litt lengre ut i fjorden. Arealet er redusert i 2GH og trekt lenger vekk frå farleia. Forslaget er også støtta av andre innspel som ser det som ein fordel at anlegget kjem lenger vekk frå land.

I tabellen under er desse endringane vist.

Tabell 8: Forslag til endring i eksisterande akvakulturområde som ikkje var med i 1. gongs høyring (1GH) tatt inn i 2GH og med i 3GH

Kommune	Framlegg - nytt arealformål	Fjord/namn	Innspel nr	AK lokalitet nr	AK lokalitet navn	Samla_vurdering	Forklaring til eventuell endring i 2GH
Alver	Akvakultur	Mangersfjorden-Radfjorden	4631-127-2f og 2f-utv	11690	Grasholmen		Nytt forslag. Lokalitetane Grasholmen og Stolane vert utvida. Samstundes skal lokalitetane Bogno og Ramsvik gå ut
Alver	Akvakultur	Mangersfjorden-Radfjorden	4631-127-Ny2c	11649	Stolane		Nytt forslag - sjå grunningjeving over
Alver	Akvakultur	Fensfjorden-Austfjorden-Hindnesfjorden	4631-127-Ny2d	13566	Storskrebukti		Nytt forslag. Endre AKV arealet slik at det stemmer med dagens bruk
Alver	Akvakultur	Mangersfjorden-Radfjorden	4631-133-3	11738	Otterholmen		Nytt forslag. Er drift der i dag - arealet er lagt inn på dispensasjon - naturleg at det vert lagt inn som AKV areal. Arealet er redusert noko i høve til innspel for å unngå friluftsområde og område avsett til fiske
Alver	Akvakultur	Osterfjorden-Romarheimsfjorden	4631-148-3	13874	Fyllingsnes		Nytt forslag. Gjer ei utviding. Får anlegget lenger vekk frå land. Mindre konflikt med bustad/hytte. Gi betre plass for å etablere ny teknologi. Er trekt lenger vekk frå farlei og mindre enn første innspel

Forslag til akvakulturområde som er med i 3. gongs høyring

Det er totalt 24 arealinnspele som gjeld akvakultur som er med i 2. gongs høyring.

- 5 av desse var ikkje med i 1GH – sjå forklaring over kvifor dei no er teke med
- 19 av desse innspela var med i 1GH, men det er gjort justering på nokon av dei det var merknad til ved 1GH

Ut i frå dei merknadane som vart gitt til 1GH og 2GH er det gjort nokre endringar – viser samla endringar – det meste vart gjort i 2GH – vist **tydeleg kva som er endra i 3GH:**

- Osterøy
 - Tatt ut innspel 127-2b som hadde motsegn frå SF
 - Sørkjorden Blom – Det er gjort ein vurdering av dei tilhøva som Vestland fylkeskommune bad om i konsekvensutgreiinga. Det er eit anlegg der i dag. Framlegg til endring er å legge til rette for «ringar» i staden for «stålanlegg». Det er vanskeleg å sjå at den endringa kan gi nokon særleg negativ visuell endring for Havråtunet.
 - Skaftå 2 vart tatt ut av arealplan – sjå kap. 8.5. Skaftå 1 vart utvida. Avstanden mellom områda Skaftå og Blom vart større, det er positivt.
- Alver
 - Radfjorden – strukturendring – utviding av Stolane og Grasholmen. Fjerne lokalitetane Bogno og Ramsvik - forbetring for Radfjorden.
 - Areal til akvakultur vart satt av i plankart slik bruken og konsesjon er i dag – ingen endring i belastning.
 - Fyllingsnes - flytting lengre ut frå land – positivt tiltak
- Austrheim (3GH)
 - **Senoksen – ny lokalitet – samstundes vart det krav om at lokalitetane Allersholmen i Austrheim og Bøøyna i Alver vart foreslått fjerna i 3GH**
 - **4632-149-1 Øksneset – beheld noko meir av den gamle lokaliteten for å få plass til forflåte**
- Fedje
 - Forslaget er justert i høve til 1GH for å kome Kystverket i møte.
- Masfjorden
 - Eit forslag er tatt ut. Eit tiltak er strukturendring – Vikane 138-2.
 - **4634-151-1 Ådnekvam – vesentleg redusert utviding i 3GH**
- Gulen
 - Eit forslag er tatt ut som hadde motsegn. Dei andre hadde ingen særskilte merknadar i 1GH.

Tabell 9: Oversikt over alle arealinnspel – endringar som gjeld akvakultur og som er med i 3GH

Kommune	Framlegg - nytt arealformål	Fjord/namn	Innspel nr	AK lokalitet nr	AK lokalitet navn	Samla_vurd ering	Forklaring til eventuell endring i 2GH
Osterøy	Akvakultur	Sørfjorden	4630-127-2C	12156	Blom		Vestland fylke - hadde motsegn til KU. Oppdatert KU har omtalt det som vart etterlyst. Forslag til areal uendra. Endringa skal legge til rette for driftsforhold, betre fiskehelse og oppsamling av organisk materiale. Den justeringa av eksistereande anlegg vil for Havråtunet ikkje gi nokon forverring visuelt. Vekta opp mot betra driftstilhøve og miljøtilhøve i fjorden bør dette kunne gjennomførast.
Osterøy	Akvakultur	Sørfjorden	4630-127-2C-utv	12156	Blom		Vestland fylke - hadde motsegn til KU. KU har omtalt det som vart etterlyst. Forslag til areal uendra. Sjå punktet over.
Osterøy	Akvakultur	Sørfjorden	4630-127-2d	18898	Skaftå		Utvidinga mot aust uendra. Men den delen som er mot vest - Skaftå 2 er tatt ut. Totalt redusert AKV arealet og avstand mellom lokalitet Blom og Skaftå er auka.
Osterøy	Akvakultur	Osterfjorden-Romarheimsfjorden	4630-127-Ny2e	13644	Tepstad		Ingen endring
Alver	Akvakultur	Mangersfjorden-Radfjorden	4631-127-2f og 2f-utv	11690	Grasholmen		Nytt forslag. Lokalitetane Grasholmen og Stolane vert utvida. Samstundes skal lokalitetane Bøgno og Ramsvik gå ut. Dette gjerast for å samlokalisere produksjonen og få til oppsamling av organisk materiale. Dette legg grunnlag for ei betre drift og miljøforhold i Radfjorden.
Alver	Akvakultur	Mangersfjorden-Radfjorden	4631-127-Ny2c	11649	Stolane		Nytt forslag - sjå grunngrøying over
Alver	Akvakultur	Fensfjorden-Austfjorden-Hindnesfjorden	4631-127-Ny2d	13566	Storskrebukti		Nytt forslag. Endre AKV arealet slik at det stemmer med dagens bruk
Alver	Akvakultur	Mangersfjorden-Radfjorden	4631-133-3	11738	Otterholmen		Nytt forslag. Er drift der i dag - arealet er lagt inn på dispensasjon - naturleg at det vert lagt inn som AKV areal. Arealet er redusert noko i høve til innspel for å unngå friluftsområde og område avsett til fiske
Alver	Akvakultur	Osterfjorden-Romarheimsfjorden	4631-148-3	13874	Fyllingsnes		Nytt forslag. Gjer ei utviding. Får anlegget lenger vekk frå land. Mindre konflikt med bustad/hytte. Gi betre plass for å etablere ny teknologi. Er trekt lenger vekk frå farlei og mindre enn første innspel
Austrheim	Akvakultur	Fedjefjorden-Hellosen	4632-148-1	Ingen	Ingen		Senoksen - erstatte Allersholmen og Bøyyna
Austrheim	Akvakultur	Fensfjorden-Austfjorden-Hindnesfjorden	4632-149-1	30559	Øksneset		Ingen endring
Fedje	Akvakultur	Fedjefjorden-Hellosen	4633-154	Ingen	Ingen		Kystverket og Statsforvaltaren har motsegn. Arealet som no er foreslått er trekt lengre sør for at Kystverket sitt motsegn kan frafalle. Område ligg i eit stort fjordbasseng med stor vassutskifting. Dei miljømessige påverknadane vert difor minimale.
Masfjorden	Akvakultur	Fensfjorden-Austfjorden-Hindnesfjorden	4634-138-2	13704	Vikane		Rekkeviki, Likulten, Nesbø. Dette er i samsvar med 1GH og tilbakemeldingane.
Masfjorden	Akvakultur	Masfjorden	4634-138-6	Ingen	Ingen		Motsegn frå SF. Kan ikkje sjå at der er noko kulturlandskap som vert betydeleg forringa. Dette er eit settefiskanlegg og må kunne stille krav til oppsamling av organisk materiale slik at miljøtilhøva i fjorden ikkje vert forringa.
Masfjorden	Akvakultur	Masfjorden	4634-151-1	30196	Ådnekvam		Meiner at resipienten tåler dette. SF må vurdere sit motsegn på nytt.
Masfjorden	Akvakultur	Masfjorden	4634-151-2	11644	Duesund		Ingen endring
Gulen	Akvakultur	Gulafjorden-Mjømmesund-Kvitenosen	4635-128-4	11749	Bårøy		Ingen endring
Gulen	Akvakultur	Gulafjorden-Mjømmesund-Kvitenosen	4635-128-5	32518	Kuøyyna		Ingen endring
Gulen	Akvakultur	Gulafjorden-Mjømmesund-Kvitenosen	4635-128-6	13340	Leiholmane		Var med i 1GH - ingen særskilte merknadar. Vert difor tatt med i 2GH utan nokon endring.
Gulen	Akvakultur	Gulafjorden-Mjømmesund-Kvitenosen	4635-128-7	11657	Gråvika		Var med i 1GH - ingen særskilte merknadar. Vert difor tatt med i 2GH utan nokon endring.
Gulen	Akvakultur	Sognesjøen	4635-128-8	38217	Hardbakkeneset		Ingen endring
Gulen	Akvakultur	Sognesjøen	4635-128-Ny2	Ingen	Ingen		Gyteområde for torsk - tas inn i føresegn bare for laks og aure
Gulen	Akvakultur	Gulafjorden-Mjømmesund-Kvitenosen	4635-128-Ny3	Ingen	Ingen		Gyteområde for torsk - tas inn i føresegn bare for laks og aure
Gulen	Akvakultur	Sognesjøen	4635-155-1	Ingen	Ingen		Vert oppdatert i føresegn at dette gjeld "tare". SF sitt motsegn er besvart.

8.3.2. Småbåtanlegg og småbåthamn

I Alver og Gulen er arealinnspel som gjeld småbåtanlegg og småbåthamn overført til pågående arbeid med kommuneplanen sin arealdel for land. For kommunane Masfjorden og Modalen er det ikkje noko slikt pågående arbeid for land. Etter dialogmøte med Statsforvaltaren er det valt å gjere det slik, det forklarar dei endringane som er i 2GH.

Tabell 10: Arealinnspel som gjeld småbåtanlegg og småbåthamn som var med i 1GH og ikkje er med i 2GH og 3GH

Kommune	Framlegg - nytt arealformål	Fjord/namn	Innspel nr	AK lokalitet nr	AK lokalitet navn	Samla_vurdering	Forklaring til eventuell endring i 2GH/3GH
Alver	Småbåtanlegg	Lurefjorden-Haukåsstraumen	4631-121-6	Ingen	Ingen		Takast inn kommunen sin KP for land
Alver	Småbåtanlegg	Lurefjorden-Haukåsstraumen	4631-124	Ingen	Ingen		Takast inn kommunen sin KP for land
Alver	Småbåtanlegg	Lurefjorden-Haukåsstraumen	4631-125	Ingen	Ingen		Takast inn kommunen sin KP for land
Alver	Småbåthamn	Lurefjorden-Haukåsstraumen	4631-144-1	Ingen	Ingen		Takast inn kommunen sin KP for land
Alver	Hamneområde	Lurefjorden-Haukåsstraumen	4631-144-3	Ingen	Ingen		Takast inn kommunen sin KP for land
Alver	Småbåthamn	Lurefjorden-Haukåsstraumen	4631-153	Ingen	Ingen		Takast inn kommunen sin KP for land
Masfjorden	Småbåtanlegg	Masfjorden	4634-129-2	Ingen	Ingen		Motsegn frå Statsforvaltar. Tiltak som er gjort er at område ved Giljane bustadfelt vert teke ut av planen. Og at småbåtanlegget Hosteland Vest vert oppretthalde. Nærare avgrensing av dette anlegget er gjort i områdeplan for Hosteland Vest som nyleg er sendt på høyring.
Masfjorden	Næring	Fensfjorden-Austfjorden-Hindnesfjorden	4634-138-3	Ingen	Ingen		Motsegn frå Statsforvaltaren

Totalt er det 9 arealforslag som er med i 2GH og det gjeld småbåtanlegg, hamn og tiltaka ligg i Masfjorden og Modalen kommune.

Tabell 11: Arealinnspel som gjeld småbåtanlegg og småbåthamn som i er med i 3GH

Kommune	Framlegg - nytt arealformål	Fjord/namn	Innspel nr	AK lokalitet nr	AK lokalitet navn	Samla_vurd ering	Forklaring til eventuell endring i 2GH/3GH
Modalen	Småbåtanlegg	Osterfjorden- Romarheimsfjorden	4629-117-1	Ingen	Ingen		0
Modalen	Småbåtanlegg	Osterfjorden- Romarheimsfjorden	4629-117-2	Ingen	Ingen		0
Masfjorden	Småbåthamn	Masfjorden	4634-129-1	Ingen	Ingen		Motsegn frå Statsforvaltar. Tiltak som er gjort er at område ved Giljane bustadfelt vert teke ut av planen. Og at småbåtanlegget Hostelands Vest vert oppretthalde. Nærare avgrensing av dette anlegget er gjort i områdeplan for Hostelands Vest som nyleg er sendt på høyring. Arealet er redusert.
Masfjorden	Småbåtanlegg	Masfjorden	4634-129-3	Ingen	Ingen		
Masfjorden	Småbåthamn	Masfjorden	4634-134	Ingen	Ingen		0
Masfjorden	Småbåthamn	Masfjorden	4634-138-4	Ingen	Ingen		Det er motsegn frå SF. Reguleringsplan vil avklare nærare arelbruk og omfang av tiltaket. Meiner at SF ikkje har vektlagt behovet som er godt nok. Arealet er redusert i 3GH
Masfjorden	Småbåthamn	Masfjorden	4634-138-5	Ingen	Ingen		0
Masfjorden	Hamneområde	Fensfjorden- Austfjorden-	4634-138-7	Ingen	Ingen		0
Masfjorden	Hamneområde	Masfjorden	4634-138-8	Ingen	Ingen		0

8.3.3. Råstoffutvinning - skjelsand

Vestland fylkeskommune har merknad til 1GH peika på at skjelsand må omtalast meir og det må settast av areal til utvinning av skjelsand. Dette er ein ressurs som vi har god bruk for og som må takast ut på ein berekraftig måte. Bruk og utnytting føreset at kommunane set av areal i sine arealplanar som det kan søkast konsesjon på. Det er fylkeskommunen som gjev konsesjon i samsvar med arealplan.

Det var forslag om 4 nye område for skjelsand i Alver, Austrheim og Fedje i 2GH. Fiskeridirektoratet hadde motsegn til innspel nr 4632-158 Høggholmen fordi det var eit viktig gyteområde for torsk. I forslaget til 3GH er forslaget tatt ut. Dette er tatt inn i planforslaget og merka som areal for råstoffutvinning (RU). Skjelsand er rekna som eigen naturtype og uttak vil påverke lokaliteten direkte. Det gjer at i KU vil den samla vurderinga verte gul eller raud i høve til naturmangfald. Vi legg til grunn at uttak av denne ressursen er ønskeleg, landbruket er ein brukar av denne ressursen. Ingen av dei deltakande kommunane har dette med i gjeldande arealplanar. Det er difor nyttig at dette vert vurdert.

Tabell 12: Arealinnspel som gjeld lokalitetar for skjellsand som er med i 3GH

Kommune	Fjord/namn	Innspel nr	Navn	Samla_vurdering	Forklaring
Alver	Fedjefjorden-Hellosen	4631-156	Bøøyyna		Vestland fylke har i 1GH peika på at det bør settast av areal til utvinning av skjellsand. Det er sett på kunnskapsgrunnlaget og i dialog med fylke og "aktør" i næringa er det kome inn mange forslag til lokalitetar. Vi har prioritert et utval og laga KU på dei.
Austrheim	Fedjefjorden-Hellosen	4632-157	Lyngoksen		Sjå linja over
Fedje	Fedjefjorden-Hellosen	4633-159	Mågøyosen		Sjå linja over

Det er 4 lokalitetar innanfor planområdet der det er gitt konsesjon for uttak av skjellsand. Desse er no tatt med i plankartet slik at det vert samsvar med gjeldande bruk. Dei er ikkje KU vurdert i dette arbeidet. Dei 4 områda med konsesjon er i Gulen kommune og det er – Kversøy, Bustenakken, Svartskjerosen og Kvernøya. Det er også to areal i Alver kommune som gjeld eldre konsesjonar og som ikkje vert nytta, desse er tatt ut av plankartet.

8.3.4. Oversikt over innspel som er med i 3. gongs høyring - kommunevis

Arealinnspela som er med i 3. gongs høyring fordeler seg slik kommunevis.

Tabell 13: Arealinnspel som er med i 3GH fordelt på tema og kommune

Kommune	Akvakultur	Hamne-område / næring	Småbåt-anlegg/hamn	Skjellsand	Totalt
Alver	5			1	6
Austrheim	2	1		1	4
Fedje	1			1	2
Gulen	8				8
Masfjorden	4	2	5		11
Modalen			2		2
Osterøy	4				4
Totalt	24	3	7	3	37

*I Gulen - er lokalitetar til skjellsand som det er løyve på og er for å få kartet i samsvar med gjeldande bruk, ikkje med i tabellen her.

8.4. Areal til akvakultur som er tatt ut av gjeldande arealplan

Statsforvaltaren gav i sin merknad til planen motsegn om at areal sett av til akvakultur i arealplanar som ikkje var i bruk bør takast ut . Det er gjort ein gjennomgang av den typen areal. Det er varierende kva som finnes av slikt areal i kommunane og i nokre kommunar er den type opprydding gjort før. Dette må også sjåast i samanheng med strukturendringa i Austfjorden og Radfjorden, det gjeld 5 stk. I 3GH er det også forslag om at den nye lokaliteten Senoksen skal erstatte 2 gamle lokalitetar – Allersholmen og Bøøyyna. I Gulen er der gjort ein tilsvarande opprydding tidlegare. I Alver (gamle Lindås) var det nokre areal som ikkje var i bruk og som difor er teke ut.

Nokre areal som er sett av til akvakultur, men som ikkje er i drift har ein valt å behalde i arealplan. Grunngevinga for det er at det kan vere naudsynt å ha areal tilgjengeleg der ein kan få testa ny oppdrettsteknologi/lukka teknologi. For nokon av dei lokalitetane er det også knytt opp mot særskilde krav i føresegna. Lokalitetane som ein vel å behalde er:

- Øyjordsvika i Osterøy
- Barlingebotten og Bergsvik i Masfjorden
- Bjørsvik i Alver

Tabell 14: Areal som i gjeldande arealplan er satt av til akvakultur og som er foreslått tatt ut i 3GH

Kommune	Areal
Alver	Øverås – ved Veland – Hindenesfjorden – ikkje i bruk
	Bogno – Radfjorden (føresetnad utviding Grasholmen og Stolane)
	Ramsvik – Radfjorden (føresetnad utviding Grasholmen og Stolane)
	Rekeviki – Austfjorden – (føresetnad utviding Einestrand – Sørkvingevågen)
	Likulten - Austfjorden – (føresetnad utviding Einestrand – Sørkvingevågen)
	Nesbø - Austfjorden – (føresetnad utviding Einestrand – Sørkvingevågen)
	Ådnøy – (sjå reguleringsplan Langøy – Ospeneset)
	Paddøy – Osterfjorden – 3 AKV lokalitetar ved øya – ikkje i bruk – mindre lokalitetar tenkt til blåskjel
	Skarpeneset/Mangersneset – 1 AKV lokalitet - ikkje i bruk
	Toska – Steinen/Toskasundet – ikkje i bruk – lokalitet for skjell
	Bøøyyna – føreset at Senoksen kjem inn
Osterøy	Viknabukta – ikkje i bruk
	Skaftå 2 – ikkje i bruk – sjåast i samanheng med forslag utviding av Skaftå 1 og Blom
Masfjorden	Bjørkeneset
Austrheim	Trøvika – føreset at Senoksen kjem inn

Gulen har gjennomført ein gjennomgang av akvakulturområder som ikkje er i drift. Det ble da tatt ut 12 lokalitetar som var satt av til akvakultur med eit areal på litt over 900 dekar.

8.5. Andre planinnspel som er tatt inn som ikkje krev KU

8.5.1.1 Omsynssone - Laksegiljene

Laksegiljer er noko som er spesielt for regionen og dei må det takast omsyn til. Laksegiljene er små bygg på høge trestillas enten i, eller nær sjøen, eller på fjellhyller over sjøen. Fiskarane sat i desse hyttene som fungerte som ein utkikkspost der dei kunne sjå når laksen sumde inn i nota som var plassert i sjøen under dei.

I Vaksdal kommune sin gjeldande arealdel frå 2019 dekker omsynssona hovudsakleg bygga/giljene. Om ein ser på laksegiljene som fangstmetode og tar med fangstreiskapen/nota og forankringspunkt til desse utgjer dette eit meir omfattande anlegg som strekk seg godt utanfor omsynssona. Det er foreslege fylgjande endringar for å sikre laksegiljene:

- 1) I tillegg til generelle føresegn om kulturminne og kulturmiljø vert det lagt inn særskilde føresegn:

Laksegiljer med bruk av sitje- og kilenot var tidlegare ein utbredt fangstmetode langs heile kysten og har ei lang og viktig historie. Sitjenot og gilje vart tilpassa dei ulike områda der dei vart nytta, noko som gjer kvar not og gilje unik. Med så få laksegiljer igjen i Noreg sit Vaksdal kommune på kunnskap og fysiske spor som har stor nasjonal verdi.

Laksegiljene er sjeldsynte kulturminne og det er viktig å verne om dei fysiske bygga samt den immaterielle kulturarven.

Det skal takast omsyn til laksegiljene som del av eit omfattande fangstsystem som strekk seg over eit større sjøareal og med fleire forankringspunkt for sitjenot og kilenot på landsida. Det er uvisst i kor stort omfang desse systema er intakt. Ein må difor vise varsemd når det gjeldt tiltak i nærområde til desse sårbare kulturminna.

Det vert elles vist til planen sine generelle føresegn om kulturminne og kulturmiljø.

- 2) Utviding av eksisterande omsynssoner
Omsynssona strekk seg om lag 30 meter ut i sjøen. Der sjølve laksegiljene er lokalisert på land gjeldt det 30 meter frå land medan der giljene er plassert ute i sjøen gjeldt 30 meter frå sjølve gilja (Røyrtangen og Skiljanaset).
- 3) Nye omsynssoner
Det er føreslege å omfatta laksegilja på Kjeneset og Skolmen av omsynssone. Dette for å sikre alle giljene som framleis står att i Vaksdal kommune.

Vurdering av særskilde føresegn

Nytt forslag til føresegn som vert lagt fram for 2. gongs høyring er mindre strenge enn ved 1. gongs høyringa. Føresegna opplyser tiltakshavar om å vise varsemd når det gjeldt tiltak i nærområdet til ei laksegilje, men det vert ikkje sett nokre avgrensingar for tiltak utover dei generelle føresegna.

Vurdering av utvida omsynssone

Utviding av omsynssonene er hovudsakleg gjort ut i sjøen og er tenkt for å gjere ei opprydding i plankartet slik at det er samsvar mellom storleiken på omsynssonene. Utvidingane er mindre og vil ikkje få endra konsekvensar frå gjeldande plan anna enn at noko større areal i sjøen vert sikra. Ei fullstendig utviding av omsynssona over heile arealet som dekkjer not og forankring er vurdert til å vere for strengt.

Vurdering av nye omsynssoner

Kjeneset er ikkje kartfesta under «dei viktigaste kulturminna i kommunen». Gilja er nyleg vøla ved eit større prosjekt støtta av Hordaland fylkeskommune. Skolmen er kartfesta som eit av dei viktigaste kulturminna i Vaksdal og er lokalisert i Bolstadstraumen. I dette området finn ein fleire kulturminne i tillegg til at fjorden har arealføremålet «friluftsområde» i gjeldande kommuneplan. Arealføremålet «friluftsområde» legg og avgrensingar for kva som er tillate og er såleis til fordel for giljene.

Det er få slike kulturminne igjen i Noreg og det er viktig å sikre dei 9 laksegiljene som framleis står att.

Oppsummering/konklusjon

Føreslegne endringar bidreg til å nå føremålet om å sikre laksegiljene og deira nasjonale verdi ved at to nye laksegiljer, Kjeneset og Skolmen, er omfatta av omsynssone. Sjølv om nye føresegn ikkje gjev avgrensingar for tiltak vil dei likevel vere opplysende for tiltakshavar.

For å i større grad sikre kvar einskild laksegilje er det naudsynt med informasjon om plassering av reiskap som vart nytta til fiske, slik at ein med større sikkerheit kan vurdere konsekvensar av plangrep som endringar i føresegn eller ytterlegare utviding av omsynssone.

Tabell 15: Laksegiljer med omsynssone H570 i gjeldande kommuneplan med forslag om utviding

Nummer	Objekt	Askeladden ID	Kultur - minnereg.	Kulturminne - plan
(H570_01)	Straume	229697-0	Del 1, s.60	s. 33
H570_03	Sandvik	268524- (2,3 og 4)	Del 1, s.22	s. 33
H570_35	Vikaberget	268667-0	Del 1, s. 53	s. 33
H570_36	Røyrtangen Stammes/Skiljanese t	224401-1 224402-1	Del 1, s.63 Del 1, s. 52	s. 33
H570_37	Simmenes	268691-0	Del 1, s. 52	s. 33
H570_38	Gammersvik	268690- (1 og 2)	Del 1, s. 51	s. 33

Fylgjande generell utviding er føreslege:

Omsynssona strekk seg om lag 30 meter ut i sjøen. Der sjølve laksegiljene er lokalisert på land gjeldt det 30 meter frå land medan der giljene er plassert ute i sjøen gjeldt 30 meter frå sjølve gilja (Røyrtangen og Skiljaneset).

Tabell 16: Forslag til nye laksegiljer omfatta av omsynssone H570

Sone nr.	Objekt	Askeladden ID	Kultur - minnereg.	Kultur - minneplan
H570_52	Kjeneset	268529- (1 og 2)	Del 1, s.22	Ikkje i plan

8.5.1.2 Friluftsområde

Det er foreslått eit friluftsområde i Radfjorden ved Vetås. Det er vist til at der er mange interesser knytt opp mot Radfjorden og at der er behov for å sette av eit friluftsområde.

8.5.1.3 Areal som går over til - Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone –(BSV) (SOSI 6001)

Tabell 17: Følgjande areal med desse arealkodane går over til arealformål - BSV

Kommune	Nr	Namn
Gulen	VA_5	Risnefjord
Gulen	VA_6	Ortneset
Alver	FEFIAKFR_2	Gjerdneset
Alver	FEFIAKFR_1	Skjelanger

8.6. Verknad av plantiltaka og planen sin moglege konsekvensar

Den totale verknad av planen skal vurderast ut frå dagens situasjon, og den meir-belastninga som planforslaget opnar opp for. Kunnskapsgrunnlaget syner at store delar av planområdet er negativt påverka av akvakultur allereie. Nordhordland som produksjonsområde for akvakultur er i trafikklyssystemet for havbruk farga rødt, og produksjonskapasiteten skal reduserast. Som biosfæreområde er ambisjonsnivået for Nordhordland høgt. Alt dette gjer at næringa ikkje har potensial for særleg vekst i dette området med tradisjonell teknologi.

I KU og ROS er dette summert opp slik for dei innspela som er tatt inn i planen.

Fagtema	Konsekvens av planforslaget
Landskap	Stort konfliktpotensial for eitt innspel i Masfjorden (4634-138-6). Der er elles 14 innspel som har noko konfliktpotensial for landskap. Omfanget av innspel gir gul farge.
Kulturminne og kulturmiljø	Få kjente vesentlege konsekvensar, men med 2 unntak der det er stort konfliktpotensial. Dette er Blom, Osterøy (4630-127-2c) og Lyngoksen Austrheim (4632-157) Der er elles 3 innspel med noko konfliktpotensial for kulturminne og kulturmiljø. Kulturlandskap er vurdert under tema landskap.
Friluftsliv og folkehelse	Stort konfliktpotensial for 2 innspel: Masfjorden (4634-138-4) og Mågøyosen i Fedje (4633-159). Der er elles 14 innspel som har noko konfliktpotensial for friluftsliv og folkehelse. Omfanget av innspel gir gul farge.
Naturmangfald	Nær raud farge. Stort konfliktpotensial for 8 innspel i Alver, Austrheim, Fedje og Masfjorden. Der er elles 6 innspel som har noko konfliktpotensial for naturmangfald.
Naturressursar	Stort konfliktpotensial for eitt innspel; 4633-149-1. Elles noko konfliktpotensial for 13 innspelsområde. Omfanget av innspel gir gul farge.
Ureining og utslepp	Generelt lågt konfliktpotensial, men noko konfliktpotensial for 6 innspel. Innspel gir gul farge då det likevel vil vere risiko for at dagens eller auka utslepp vil bidra til at enkelte vassførekomstar ikkje opprettheld eller oppnår miljømålet om god økologisk og kjemisk tilstand.
Teknisk infrastruktur	Få kjente vesentlege konsekvensar.
Næringsliv	Noko positiv, men låg måloppnåing med tanke på tilrettelegging for havbruksnæring. Følgjer opp føringar i trafikklysmoellen for havbruk.
Transportbehov og energibruk	Få kjente vesentlege konsekvensar
Risiko- og sårbartilhøve	Akseptabel risiko, med unntak av eit innspel i Fedje (ekstremvind), og 5 innspel i Alver, Fedje og Gulen. For desse er det konflikt med farlei.

Dei strukturelle endringane som er foreslått for akvakultur i Austfjorden og Radfjorden vil totalt sett vere ein forbetring, men i KU vurdering av enkeltinnspela kjem dei ut i raudt mellom anna for naturmangfald.

Framlegget til plan må sjåast i samanheng med andre strukturelle tiltak og plankrav som vil redusere konflikten.

Det er teke inn miljøkrav i føresegna, viser til særskilt til kap. 2.3 og det står mellom anna følgjande i kap. 2.3 .2 første kulepunkt:

«Marine naturtypar¹ og leveområde for sårbare¹ arter skal takast omsyn til, og gjennomføring kan ikkje tillatast utan dokumentasjon på at tiltaket ikkje bidreg til forverring av tilhøve for naturtypane og leveområde og deira verdi eller økologiske funksjon, jf. pbl. § 11-9, nr. 6 og NMFL §§ 7 – 12.»

Føresegnene legg til grunn at det kan ikkje gjerast nye tiltak i planområdet som forverrar miljøtilstand, men det kan gjerast tiltak som forbetrar miljøtilstand.

På denne bakgrunn er framlegget til plan tilstrekkeleg balansert, der ulike interesser er tatt omsyn til.

3GH HØYRNING

8.7. Innspel som ikkje er tatt inn i planforslaget

Tabell 18: Oversikt over arealinnspele som ikkje er tatt inn i planforslaget

Kommune	Framlegg - nytt arealformål	Fjord/namn	Innspel nr	AK lokalitet nr	AK lokalitet navn	Samla_vurdering
Vaksdal	Akvakultur	Sørfjorden	4628-127-2e	13644	Tepstad	Red
Vaksdal	byggje- og anleggsformål	Sørfjorden	4628-136	Ingen	Ingen	Red
Osterøy	Akvakultur	Sørfjorden	4630-127-2b	Ingen	Ingen	Red
Alver	Andre typar bygningar og anlegg - bølgebrytar og flytebrygge	Lurefjorden-Haukåsstraumen	4631-121-2	Ingen	Ingen	Yellow
Alver	Småbåtanlegg	Lurefjorden-Haukåsstraumen	4631-121-3	Ingen	Ingen	Yellow
Alver	Småbåtanlegg	Lurefjorden-Haukåsstraumen	4631-121-4	Ingen	Ingen	Yellow
Alver	Småbåthamn	Lurefjorden-Haukåsstraumen	4631-121-5	Ingen	Ingen	Yellow
Alver	Småbåtanlegg	Lurefjorden-Haukåsstraumen	4631-121-6	Ingen	Ingen	Yellow
Alver	Småbåtanlegg	Lurefjorden-Haukåsstraumen	4631-124	Ingen	Ingen	Green
Alver	Småbåtanlegg	Lurefjorden-Haukåsstraumen	4631-125	Ingen	Ingen	Green
Alver	Akvakultur	Mangersfjorden-Radfjorden	4631-127-2a	Ingen	Ingen	Red
Alver	Akvakultur	Osterfjorden-Romarheimsfjorden	4631-127-Ny2b	Ingen	Ingen	Yellow
Alver	Akvakultur	Austfjorden-Hindnesfjorden	4631-133-1	Ingen	Ingen	Red
Alver/Masfjorden	Akvakultur	Fensfjorden-Austfjorden	4631-133-2 / 4634-133-2	Ingen	Ingen	Red
Alver	Småbåthamn	Lurefjorden-Haukåsstraumen	4631-144-1	Ingen	Ingen	Yellow
Alver	Småbåthamn	Lurefjorden-Haukåsstraumen	4631-144-2	Ingen	Ingen	Yellow
Alver	Hamneområde	Lurefjorden-Haukåsstraumen	4631-144-3	Ingen	Ingen	Green
Alver	Akvakultur	Mangersfjorden-Radfjorden	4631-150-1	Ingen	Ingen	Red
Alver	Småbåthamn	Lurefjorden-Haukåsstraumen	4631-153	Ingen	Ingen	Red
Austrheim	Akvakultur	Fensfjorden-Austfjorden	4632-148-2	Ingen	Ingen	Red
Masfjorden	Småbåtanlegg	Masfjorden	4634-129-2	Ingen	Ingen	Green
Masfjorden	Akvakultur	Fensfjorden-Austfjorden	4634-138-1	Ingen	Ingen	Red
Masfjorden	Næring	Fensfjorden-Austfjorden	4634-138-3	Ingen	Ingen	Red
Masfjorden	Akvakultur	Fensfjorden-Austfjorden	4634-152-1	Ingen	Ingen	Red
Gulen	Akvakultur	Sognesjøen	4635-128-1	Ingen	Ingen	Red
Gulen	Akvakultur	Fensfjorden-Austfjorden	4635-128-2	Ingen	Ingen	Red
Gulen	Akvakultur	Gulafjorden-Mjømesund	4635-128-Ny1	Ingen	Ingen	Red
Austrheim	Skjelsand	Fedjefjorden-Hellosen	4632-158		0 Høgholmen	Yellow

8.8. Arealrekneskap fordelt på arealformål og kommune

Tabellen under viser fordelinga på arealformål i dekar som er totalt inkludert dei endringane som er foreslått no i 3GH. Det er om lag 1 mill. dekar i sjøareal i planområdet.

Tabell 19: Oversikt over endringar i arealformål i dekar som er foreslått og totalen etter forslag endringar i dekar

Arealformål	Areal inn	Areal ut	Netto endring	Areal totalt	% av totalen
1200: Råstoffutvinning	1 919	234	1 686	1 919	0,2 %
1300: Næringsvirksomhet			0	17	0,0 %
1500: Andre typer bebyggelse og anlegg	1		1	128	0,0 %
1800: Kombinert bebyggelse og anleggsformål			0	29	0,0 %
2040: Havn		60	-60	2 007	0,2 %
3001: Grønnstruktur			0	2	0,0 %
6001: Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone	5 620	21 956	-16 335	780 930	72,1 %
6100: Ferdsel			0	1 111	0,1 %
6110: Ankringsområde			0	3 556	0,3 %
6220: Havneområde i sjø	10		10	568	0,1 %
6230: Småbåthavn	35		35	1 112	0,1 %
6300: Fiske	129	284	-154	66 331	6,1 %
6400: Akvakultur	3 849	2 656	1 193	18 923	1,7 %
6600: Naturområde			0	41 078	3,8 %
6700: Friluftsområde	65	17	47	30 356	2,8 %
6800: Kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller uten tilhørende strandsone	16 361	2 784	13 577	134 489	12,4 %
Totalsum	27 990	27 990	0	1 082 556	100 %

Arealendringane som er foreslått er ut i frå totalt sjøareal ganske begrensa.

Den store auken til arealformål «1200 Råstoffutvinning» skuldast at areal til skjelsand er foreslått tatt inn i planen. Auken i kombinert formål - 6800 – skuldast at ankringsområde for akvakultur er tatt med for nye og vesentleg endr akvakulturområde, sjå pkt 7.5.

For akvakultur er netto auken i areal om lag 1 400 dekar. I det arealet som viser kva som er tatt ut er ikkje det arealet i Gulen på om lag 900 dekar som er tatt ut i arbeidet med kommuneplan.

Tabell 20: Totalt areal i dekar fordelt på arealformål og kommune før forslag til endringar i 3GH

Arealformål	Alver	Austrheim	Fedje	Gulen	Masfjorden	Modalen	Osterøy	Vaksdal	Totalt
1200: Råstoffutvinning	234	0	0	0	0	0	0	0	234
1300: Næringsvirksomhet	14	0	0	3	0	0	0	0	17
1500: Andre typer bebyggelse og anlegg	60	0	0	58	0	0	9	0	127
1800: Kombinert bebyggelse og anleggsformål	0	0	0	0	0	0	29	0	29
2040: Havn	565	514	0	989	0	0	0	0	2 067
3001: Grønnstruktur	2	0	0	0	0	0	0	0	2
6001: Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone	243 425	93 711	102 936	225 844	50 597	4 949	42 102	33 700	797 265
6100: Ferdsel	28	240	0	792	6	45	0	0	1 111
6110: Ankringsomåde	861	2 694	0	0	0	0	0	0	3 556
6220: Havneområde i sjø	519	0	0	0	0	0	0	39	558
6230: Småbåthavn	593	106	159	17	122	1	25	53	1 077
6300: Fiske	13 798	2 553	826	34 479	13 732	93	559	444	66 485
6400: Akvakultur	2 969	360	797	10 111	1 856	0	1 637	0	17 730
6600: Naturområde	1 829	0	0	38 330	0	848	71	0	41 078
6700: Friluftsområde	4 231	2 485	0	3 018	16 435	0	60	4 080	30 309
6800: Kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller uten tilhørende strandsone	25 264	424	10 303	69 412	2 133	718	11 519	1 139	120 912
Totalsum	294 391	103 088	115 022	383 051	84 882	6 654	56 012	39 456	1 082 556

9. Utfordringar som ikkje let seg løyse i planforslaget

I arbeidet med arealplan er det avdekka motstridande interesser som ikkje vil bli løyst i ein arealplan åleine. Ønske om å få til vekst i akvakulturnæringa i området samstundes som ein skal forvalte villaksen og sjøauren på ein berekraftig måte let seg ikkje kombinere slik produksjonen skjer i dag. I tillegg er det utfordring med miljøgifter og tilførsel av næringsstoff.

Planområdet ligg innanfor produksjonsområde 4 (PO4) for akvakultur, som per 2022 er i raud sone. Nordhordland var også eit av dei første områda som det vart starta opp akvakultur og har hatt ei utvikling over lang tid og det er lite nytt areal å finne til nye lokalitetar. Nokon av dei gamle lokalitetane er små og gir ikkje rom for meir «moderne» løysingar som krev meir plass.

I HI sin risikorapport norsk fiskeoppdrett for 2022 er konklusjonen for PO4:

- Høg risiko knytt til dødelegheit hos utvandrande postsmolt laks som følge av utslepp av lakselus frå fiskeoppdrett og
- Høg risiko for negative effektar på sjøaure som følge av utslepp av lakselus
- Høg risiko for ytterlegare genetisk endring av villaksen som følge av rømt oppdrettslaks
- Risikoen for miljøeffektar som følge av utslepp av koppar frå oppdrett er vurdert som høg

Det er difor ikkje noko som tydar på at PO4 vil kome ut av raud sone eller at dette kan løysast aleine i ein arealplan. For akvakulturnæringa representerer eit nedtrekk i produksjonen store verdiar. Året 2021 var det første året at Vestland fylke ikkje var det største fylket i oppdrett. For villaksen og sjøauren er det også tap av store verdiar som følgje av redusert bestand og me er forplikta til å legge til rette for at det kan utvikle seg på ein berekraftig måte. I Fiskehelsereporten for 2022 er der stor skepsis for å gi unntak for nedtrekk i produksjonen.

For å få til ein berekraftig produksjon må der vere verkemidlar som er meir målretta og samordna enn det som er i dag. Det vil vere mogleg å få til ein produksjon som reduserer dei problema som er skildra over. Ei slik endring vil krevje investering i andre teknologiske løysingar som tette anlegg i sjø. Dette er dyrare løysingar når det gjeld investering og til dels drift enn dagens tradisjonelle løysingar. Det vil også vere mogleg å ha ein kombinasjon med ulike tekniske løysingar og produksjon som optimalisert på ein rett måte kan gi god effekt. Utfordringa er at nokon tek investeringa, mens mange får del i gevinsten – «*Allmenningens tragedie*». Det må difor vere verkemidlar som gjer at dei som gjer investeringa får «betalt» for den. Dette er totalt sett ei komplisert oppgåve, men med dei store verdiane som det er snakk om så bør dette vere interessant både for næringa og det offentlege å arbeide med dette på ein systematisk og koordinert måte.

Dette er presentert for regionale mynde, næring og forskning som seier seg einig i analysen og utfordringane. Det synes å vere semje om at det er behov for endring, men dagens forvaltningssystem / regime får ikkje til naudsynt endring fort nok.

Region Nordhordland ser det som naturleg at dette vert eit utviklingsprosjekt som det vert jobba vidare med. Desse utfordringane er presentert for Vestland fylkeskommune i eit møte. Dette vil krevje at dei ulike verkemidla som ulike regionale mynde har ansvar for vert sett på i ein total vurdering. Regionen tek eit første steg ved å sette klare miljømål i arealplanen.

Som første steg i dette arbeidet er det utarbeida ein rapport frå NORCE med professor Bård Misund som har sett på bedriftsøkonomien og samfunnsøkonomien i oppdrettsnæringa i PO4 med nedtrekk i produksjonen. Ein tydeleg konklusjon er at;

«Beregningene viser at der er stor forskjell på å fortsette som nå med rød PO og nedtrekk, og en koordinert og samlet strategi for å snu situasjonen.»

Det vil vere bra både for miljøet og næringa og gjere koordinerte strukturelle grep.